




FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL

ÅRSMELDING
FOR
MILJØVERNAVDELINGA
1985



MILJØVERNAVDELINGA
Fylkeshusa Tlf. 072 - 58000
6400 MOLDE

Rapport nr. 3 - 1986



FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL

TELEFON NR (072) 58 000
ADRESSE FYLKESHUSA 6400 MOLDE

Februar 1986

FORORD

Miljøvernavdelinga ved fylkesmannsembetet i Møre og Romsdal legg med dette fram melding om verksemda i 1985.

Avdelinga er ein del av fylkesmannen sin administrasjon, og er fagleg og budsjettmessig underlagt Miljøverndepartementet. Fylkeskartkontoret er administrativt underlagt miljøvernavdelinga, men har eige budsjett og arbeider sjølvstendig med klårt definerte oppgåver.


Dei faste oppgåvene ved avdelinga kan summerast opp slik:


- Avlaup, renovasjon og spørsmål om ymse former for forurensing.
- Vern og forvaltning av naturområde.
- Sikring og opparbeiding av område for friluftsliv.
- Forvaltning av ferskvassfisk.
- Forvaltning av vilt.
- Omsyn til naturvern, friluftsliv, naturressursar, og forurensing ved inngrep i naturen.

I desember 1984 flytta miljøvernavdelinga inn i byggetrinn II i fylkeshuset saman med resten av fylkesmannsembetet og fylkeskartkontoret. Dette har gjort drifta av avdelinga lettare og meir effektiv.

Dei ymse fagfelte miljøvernavdelinga arbeider med er stadig skiftande. Dei største endringane i 1985 har funne stad på VAR-sida på grunn av utviklinga av havbruk, og på fiskeri-sida på grunn av dei ekstraordinære laksereguleringane her i fylket, og på grunn av spreininga av lakseparasitten *Gyrodactylus salaris*.

Eit av høgdepunkta i 1985 var da sakshandsaminga på fylkesnivå av verneplanen for våtmarker var ferdig, slik at den kunne sendast Miljøverndepartementet for slutthandsaming.


Alv Jakob Fostervoll
Fylkeskontorsjef


Odd Høgset

I N N H O L D S F O R T E G N E L S E

<u>Seksjon</u>	<u>Side</u>
1. INNLEIING	1
2. VERN MOT FORURENSING	2
2.1 Overvaking av vatn	2
2.2 Kommunale kloakkanlegg	4
2.3 Kommunale renseanlegg	6
2.4 Kloakkutslepp frå spredt busetnad	6
2.5 Landbruksforurensing	6
2.6 Industri	7
2.7 Fiskeoppdrett	8
2.8 Samla Plan	9
2.9 Dumping av båtar m.v.	9
3. AVFALL OG GJENVINNING	10
3.1 Kommunale avfallsanlegg	10
3.2 Gjenvinning av avfall	10
3.3 Biloppsamlingsplassar	11
3.4 Spesialavfall	11
4. STØY	12
5. AKUTT FORURENSING	12
6. KOMMUNALE AVGJETER	12
7. NATURVERN OG FRILUFTSLIV	14
7.1 Naturvernarbeidet	17
7.2 Nasjonalparkutgreiinga til statens naturvernråd	20
7.3 Smøla - prosjektet	20
7.4 Truga og sårbare artar	21
7.5 Nye erstatningsreglar ved vern etter naturvernlova	23

<u>Seksjon</u>	<u>Side</u>
7.6 Friluftsliv	25
7.7 Fylkesfriluftsnemnda	28
8. FISK	29
8.1 Ressurs og biotopkartlegging	30
8.2 Innlandsfisk/Innlandsfiske	30
8.3 Blanda vassdrag	31
8.4 Laks- og sjøaureførande vassdrag	31
8.5 Gasssovermetta avløpsvatn frå kraftverk	31
8.6 Lakseparasitten Gyrodactylus salaris	31
8.7 Særlege reguleringar i fisket etter laks og sjøaure	33
9. VILT	35
9.1 Viltorgana	35
9.2 Vern av viltet og viltet sine leveområde	35
9.3 Skadegjerande vilt	35
9.4 Hjorteviltforvaltinga	36
10. PROSJEKT 1985	39
10.1 Samla Plan for forvalting av vassdrag	39
10.2 Konsekvensvurderingar av oljeaktivitet på Møre I	40
11. ADMINISTRATIVE OPPLYSNINGAR	42
11.1 Personale	42
11.2 Rekneskap 1985	43
12. ARSMELDING 1985 FYLKESKARTKONTORET I MØRE OG ROMSDAL	45
12.1 Organisasjon	45
12.2 Personell	45
12.3 Kartnemnd/Kartutval	46
12.4 Kontorlokaler	46
12.5 Budsjett og rekneskap	46

<u>Seksjon</u>	<u>Side</u>
12.6 Kjøp av utstyr	51
12.7 Kurs og informasjonsverksemd	51
12.8 Økonomisk kartverk	51
12.9 Fastpunktgrunnlag	51
12.10 Temakart/Registre	51
12.11 GAB (Grunneigedom - Adresse - Bygning)	52
12.12 Delingslova	52

1. INNLEIING

Nordmenn som reiser rundt om verda vil merke seg at norsk landskap, klima og natur er noko heilt spesielt.

I andre land er landskapet som oftast einsarta over store strekningar. Ein må reise i fleire timar, for ikkje å seie dagar, før ein kan sjå at den eine landskapstypen glir over i ein annan, til dømes frå låglendt kystlandskap til fjellandskap.

Mot dette står vårt varierte landskap i skarp kontrast. Legg eit snitt frå Svinøya, Storholmen eller Ona til grensefjella i aust, får ein spranget frå det frie storhav i vest via øyar, strandflater og fjordar til dalar og kvasse fjelltoppar. Ta turen langs svaberg og grasbakkar på utøyane, eller over lyngheiar og torvmyrar til lune og frodige lauvskogslier langs bakkar og skredmarker inne i fjordane, eller til furuskogar og skogsmyrar nord i fylket.

Ein kan sjå fleire landskapsformer på ein tre dagars biltur i Møre og Romsdal enn på ein tre vekers biltur i Afrika eller Amerika.

Det som er sagt ovanfor om spennvidda i landskapstyper kan òg seiast om veret. Rundt om i verda er veret stort sett stabilt. På fleire stader kan ein praktisk talt stille klokka etter veret. For eksempel kan ein ettermiddagsbris byrja blåse på same klokkeslett dag etter dag etter dag.

Mot dette står verlaget her i fylket i skarp kontrast. Her kan iskald nordavind og råkald skodde gjere sommar til vinter, medan mjuk fønvind kan lokke fram 20 varmegrader midtvinters. Ja, det stadig skiftande veret vi kjenner så godt, er eit sjeldsyn i verdssamanheng.

Livsvilkår for planter og dyr vert stort sett danna av landskaps- og klimatilhøve. På bakgrunn av det som er skreve ovanfor er det difor ikkje underleg at vi her i fylket har utrulege naturrikdomar.

I verdssamanheng er norsk natur eineståande, og i norsk samanheng er Møre og Romsdal sin natur eineståande.

Det er viktig at vi som bur her i fylket er klår over dette og ser det store ansvaret vi har når det gjeld å ta vare på verdiane for dei som kjem etter oss. Vi bør forvalte naturen slik at vi trygt kan sjå dei komande generasjonane i augo.

Dette er den inspirerende oppgåva Miljøvernavdelinga hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal arbeider med. Men utan hjelp frå dei som bur i fylket kjem vi til kort. Vi skulle gjerne sjå at fleire politikarar på kommune- og fylkesnivå vart medvetne om kor verdifull naturen i deira kommune og fylke i røynda er.

2. VERN MOT FORURENSING

2.1 Overvaking av vatn

Forurensingssituasjonen i Møre og Romsdal er prega av at kysten og fjordane omslynger mesteparten av dei lågtliggjande område der det er menneskeleg aktivitet. Fjordane er vanlegvis så store, eller har så gode straum- og utskiftingsforhold at det ikkje er forurensingsmessige problem. Men enkelte fjordar har tersklar som reduserer utskiftinga så mykje at det oppstår stagnerande botnvatn.

Vassdraga i fylket er vanlegvis små. Av dei store vassdraga er spesielt Surna påverka av forurensing. Mange små elvar og bekkar i område med konsentrert landbruksverksemd er forurensa i meir eller mindre grad.

Møre og Romsdal er frå og med 1984 utsett som eit av fire prøvetrykkel for overvaking av vassdrag og fjordar. I samband med dette har fylkesmannen utarbeidd eit program for overvaking i Møre og Romsdal for tidsrommet 1984-88. Programmet dekkjer meir omfattande granskingar (tiltaksorientert overvaking), enkel overvaking og granskingar av meir generell karakter. Fylkesmannen har under utarbeiding ein samlerapport for alle utfør granskingar av fjordar og vassdrag i Møre og Romsdal i perioden 1983-85. Rapporten vil bli klar for distribusjon i løpet av februar i år.

I 1985 er det gjennomført avsluttande feltarbeid med overvaking i området mellom Gurskøy og Hareidlandet og i Molde-Fannefjorden. Rapport for granskinga Gurskøy/Hareidlandet vil truleg ligge føre i løpet av februar, og for Molde-Fannefjorden i løpet av mai/juni i år.

Fylkesmannen har i 1985, som i tidlegare år, gjennomført enkel overvaking av typen fysisk-kjemiske granskingar i mange mindre fjordar med tersklar der ein ut frå vurdering av djupnetilhøve vil kunne få stagnerande djupvatn og kritiske oksygentilhøve. I 1985 er det meste av feltarbeidet med slike granskingar utført av engasjert personell.

I løpet av 1985 er det i tillegg til fysisk-kjemiske granskingar (hydrografi/hydrokjemii) blitt utført ein del enkle granskingar av botnfauna i eit utval fjordar. Desse granskingane har dels blitt utført i regi av og ette oppdrag frå fylkesmannen, og dels i samband med konkrete utbyggingssaker (fiskeoppdrett, kommunaltekniske anlegg). Område der det i 1985 er utført slike granskingar er Skålvikfjorden, Valsøyfjorden, Hamnesfjorden og Dalabukta (i Kristiansund).

På bakgrunn av det som er observert tidlegare år når det gjeld planktonoppblomstring og utvikling av giftige blåskjell, er det gjennomført prøvetaking og kvalitativ/kvantitativ karakterisering av plankton i Romsdalsfjorden/Langfjorden sommaren 1985. Rapporten frå desse granskingane ligg føre og viser at mengdene av plankton dette spesielle året var lågare enn ved kjende eutrofe (næringsrike) lokalitetar på Norskekysten om sommaren. Det blei imidlertid registrert små mengder av fleire giftige planktonarter (dinoflagellater). Algeoppblomstringa i Langfjorden har i 1985 ikkje vore stor samanlikna med enkelte tidlegare år.

Tabell 1.
Oversikt over fjordar med redusert oksygeninnhald i djupvatnet.

Fjord	Karakteristikk	Utført av	År
Kjørdepollen	dårleg	Havforskningsinst.	1980
	dårleg	Fylkesmannen	1984/85
Syltefjorden	kritisk	Havforskningsinst.	1980
	dårleg	Fylkesmannen	1984/85
Syvdsfjorden	dårleg	Havforskningsinst	1978
	kritisk	Fylkesmannen	1981/82
Austefjorden	kritisk	Fylkesmannen	1982/83
Kilspollen	kritisk	Fylkesmannen	1982
Ørstafjorden	dårleg	NIVA	1974
	kritisk	Volda Lærarhøgskule	1977-81
	dårleg	Fylkesmannen	1983
Bjørkevika	kritisk	Fylkesmannen	1983/84
Norangsfjorden	kritisk	Fylkesmannen	1983/84
Dragsundet m.v.	kritisk	Fylkesmannen	1981/82
	kritisk	NIVA	1984/85
Holmefjorden	dårleg	Fylkesmannen	1985
Borgundfjorden	kritisk	NIVA	1976-77
			1980-82
Vatnefjorden	dårleg	Fylkesmannen	1983/84
Skodjevika	dårleg	Fylkesmannen	1981/82
Flatevågen	kritisk	Fylkesmannen	1982/83
Moldefjorden/ Fannefjorden		NIVA	1971/72
	kritisk	Molde kommune	1981/84
Syltefjorden/ Malmefjorden	dårleg	Fylkesmannen	1981/82
Nekstadjorden/ Sundfjorden/ Ekkilsøyvika	kritisk	Fylkesmannen	1984/85
Asskardfjorden	dårleg	Fylkesmannen	1984/85
Hammesfjorden	dårleg	Fylkesmannen	
Skålvikfjorden	kritisk	Fylkesmannen	1981-83
Valsøyfjorden	kritisk	Fylkesmannen	1981-85
Foldfjorden	kritisk	Fylkesmannen	1983/84
Mjosundet	kritisk	Fylkesmannen	1984
Arvågfjorden	dårleg	Fylkesmannen	1985

Karakteristikken er basert på finneininga frå NIVA etter oksygeninnhald: 0-3 mg O/l = kritisk, 3-5 mg O/l = dårleg. (O/l = Oksygen pr liter).

Avdelinga arbeider med å opprette EDB-register for alle data om hydrografi/hydrokjemi frå dei nemnde granskningane i Møre og Romsdal. Dette registeret vil representere ei vesentleg betring når det gjeld å gjere desse data tilgjengelege for ymse formål.

Arbeidsinnsatsen innafor overvaking, opplegg av register m.v. frå tilsette og engasjert personell er for 1985 rekna til omlag 6 månadsverk.

2.2 Kommunale kloakkanlegg

Alle byar og større tettstader i Møre og Romsdal ligg i tilknytning til sjø, unntatt Rindal. Dette inneber at det dei fleste stader berre er behov for enkel rensing av kloakken og djupvassutslepp. For utslepp til vassdrag er det nødvendig med høggradig rensing. I enkelte utsette fjordområde vil det og vere aktuelt med høggradig rensing. Enkel rensing vil vere (felles) slamavskillar for små utslepp, silanlegg for større utslepp.

Utbygging av kommunale kloakkar går seint, men følgjer det program som er lagt opp frå sentralt hald. Pr 31.12.84 stod att investeringar på omlag 600 mill. kr før intensjonane i arbeidet mot forurensingane er oppfylgte. I 1985 bli det gitt lån (kr 5.755.000) og tilskott (kr 1.520.000) til oppryddingsprosjekt med ei kostnadsramme på tilsammen kr 9.923.000. I tillegg kjem prosjekt som er finansierte lokalt eller over kvoter for grunnlagsinvesteringar eller tomtetekniske arbeid.

Det er fortsatt få kommunar som har utarbeidd fullgode kloakkrammeplanar som både viser langsiktige løysingar og investeringsprogram for dei næraste åra. Fylkesmannen legg stadig meir vekt på at det ligg føre slike planer når det skal gjevast utsleppsløyve etter forurensingslova, og ved behandling av låne- og tilskottsøknader. Kommunane treng sjølve slike planer for å ha eit skikkeleg grunnlag for langtids- og årsbudsjett, samt oversiktsplanlegging etter bygningslova.

Oppgåver i samband med utsleppssøknader, behandling av oversiktsplaner etter bygningslova, vurdering av kommunale låne- og tilskottsaker, avgifter og budsjett, representerer fortsatt størst arbeidsoppgåve. Kommunane er blitt fordelt mellom saksbehandlarane slik at same person behandler dei fleste meir generelle saker i sin kommune.

Arbeidsinnsatsen i 1985 er rekna til 14 månadsverk.

Tabell 3. Lån og tilskott til oppryddingstiltak på avløpssektoren 1985

Kommune	Prosjekt	Kostnad	Lån	Tilskott
Skodje	Overføring frå Valle til Storfjorden	400.000	200.000	80.000
Fræna	Overføring frå Malme-fjorden til Frenfjorden	800.000	400.000	160.000
Eide	Sanering av gammalt nett i Eide sentrum	907.000	470.000	160.000
Sula	Div kloakkarbeid etter kloakkrammeplanen	2.372.000	1.310.000	355.000
Vestnes	Kloakkutbygging i Tresfjord sentrum Tomrefjorden	1.000.000	575.000	125.000
		375.000	275.000	70.000
Neset	Kloakkutbygging i Eidsvåg sentrum	550.000	300.000	85.000
Averøy	Overføring frå Bruhagen til Bremsnesfd	1.025.000	510.000	210.000
Ulstein	Kloakkutbygging i Ulsteinvik	888.000	500.000	130.000
Molde	Div kloakkarbeid etter kloakkrammeplanen	920.000	550.000	95.000
Tustna	Kloakkutbygging i Leira	250.000	125.000	50.000
Volda	Kloakkutbygging i Volda sentrum	760.000	190.000	0
Kristiansund	Div kloakkarbeid i kommunen	700.000	350.000	0
Tilsaman		9.923.000	5.755.000	1.520.000

2.3 Kommunale renseanlegg

I 1985 er det ikkje bygd eller tatt i bruk nye større renseanlegg i Møre og Romsdal for kommunal kloakk.

Tabell 4. Større kloakkrenseanlegg i Møre og Romsdal

Kommune	Anlegg	Type rensing
Rindal	Rindal reseanlegg	Biologisk/kjemisk
Fræna	Farstad	Biologisk
Gjemnes	Heggen	Biologisk
Alesund	Ase Breivika	Biologisk Sil
Tingvoll	Tingvollvågen	Sil

Arbeidsinnsats med tilsyn m.v. av kloakkrenseanlegg er i 1985 rekna 1/4 månadsverk.

2.4 Kloakkutslepp frå spredt busetnad

Myndighet etter forskriftene var inntil 1984 lagt til bygningsrådet.

Då blei det foretatt endringar i "Forskrifter om separate kloakkutslipp". Forskriftene blei heimla i den nye forurensingslova, samstundes som myndigheten blei lagt til kommunen (kommunestyret), med høve til å delegere til kommunale nemnder/tjenestemenn etter prinsippa i forurensingslova. Dei fleste kommunar har i løpet av 1984 og 1985 delegert myndigheten slik lova gir høve til.

Miljøverndepartementet har bedt fylkesmannen delegere til kommunen myndighet i tettbygde strøk. Dette er ikkje gjort i Møre og Romsdal idet denne myndigheten på visse vilkår vil bli lagt direkte til kommunen i ny forskrift som kjem i 1986. Den nye forskrifta vil også gjelde for kloakkutslepp til sjøen.

Fylkesmannen behandlar relativt få søknader om kloakkutslepp i tettbygde strøk. Arbeidsinnsatsen er rekna til 1 månadsverk, inklusiv klagebehandling av kommunale vedtak.

2.5 Landbruksforurensing

Frå 1980 har det kvart år vore gjennomført omfattande silokontroll på omlag 500 gardsbruk i Møre og Romsdal. Det har vore påvist ulovleg utslepp av pressaft frå 35-50 % av brukarar dei enkelte åra, medan omlag 2 av 3 brukarar har fått pålegg om å gjennomføre utbetringar av anlegga sine. Det har vore liten er ring av desse forholdstala. Grunnen til

dette er truleg at ein vesentleg del av kontrollen er gjennomført i stadig nye område. Inntrykket i område som tidlegare er blitt kontrollert er at forholda er blitt vesentleg betre.

Dei manglane som går igjen oftast er lekkasje frå siloar og gjødsellager. Dessutan er det ofte manglar ved drifta av anlegga når det gjeld montering og tilsyn med pumper. Hovudintrykket er at anlegga har innebygd for liten tryggleik mot uhell. Det burde i større grad vere satsa på løysingar der pressafta blir samla opp ved sjølvfall til tett gjødsellager/mellomlager eller eventuelt i siloen.

I silosesongen 1985 blei det engasjert 2 personar som ekstrahjelp (5 månadsverk). 357 bruk blei kontrollerte. 225 gardbrukarar fekk påleggsbrev. Av dei vart det knytt forurensingsgebyr til 12 pålegg. 10 gardbrukarar blei melde til politiet.

Møre og Romsdal har no for fullt teke i bruk av EDB når det gjeld registrering av resultat og oppfølging av silokontrollen. Det blir utarbeidd eigen rapport med meir detaljerte data og vurderingar for silokontrollen 1985.

Det er og i mindre grad foretatt spesielt tilsyn etter "Forskrifter om lagring og spredning av husdyrgjødsel". Ein gardbrukar er meldt til politiet for brot på forskriftene.

I samband med ei spesiell tilskottsordning under Landbuksdepartementet sitt budsjett til utbetring av gjødsellager, er det fastsett tidsfristar for gjennomføring av tiltak. 36 gardsbruk fekk i 1985 tilsammen kr 700.100,- i tilskott.

Følgande vassdrag er prioritert frå fylkesmannen:

Batnfjordselva
 Bondalselva
 Eidsdalselva
 Farstadvassdraget
 Hustadvassdraget
 Nâsvassdraget
 Surna
 Valldøla
 Velledalsvassdraget
 Ørstavassdraget

Fylkesmannen avgjorde 30 søknader om frigging av skattefrie fondsavsetningar til utbetring av gjødsel- og siloanlegg m.v på gardsbruk.

Arbeidet mot landbruksforureining kravde 7 månadsverk frå dei fast tilsette. Medrekna ekstrahjelp blir innsatsen tilsaman 12 månadsverk.

2.6 Industri

Statens forurensningstilsyn er generelt konsesjonsmyndighet for utslepp til vatn og luft, samt støy. Industrien er blitt behandla bransjevis og det er fastsett standardkrav for dei fleste industriverksemdar med store utslepp. Ein del forurensande bransjar står att, m.a. vaskeri og renseri.

Fylkesmannen er forurensingsmyndighet og behandlar utsleppssøknader frå

fiskeforedlingsbedrifter. I 1985 blei det gitt utsleppsløyve for 7 anlegg. 4 saker blei ikkje ferdig behandla.

Statens forurensningstilsyn er stort sett ferdig med si konsesjonsbehandling av for dei fleste industribransjar. I 1985 var det få søknader til uttale.

Arbeidsinnsatsen blir rekna til 1 månadsverk.

2.7 Fiskeoppdrett

I Møre og Romsdal var det pr. 01.01.1985 gitt konsesjon for 557.000 m³ nærevolum for oppdrett av laks og regnbueaure, fordelt på 84 anlegg. Det var gitt konsesjon for produksjon av i alt omlag 7 mill. settefisk, fordelt på 45 anlegg. I løpet av 1985 er det gitt konsesjon for utviding av ein del av dei eksisterande matfiskanlegga, og det er i tillegg gitt konsesjon for nokre settefiskanlegg.

Konsesjon for fiskeoppdrett blir gitt av Fiskeridirektoratet. Statens forurensningstilsyn (SFT) uttaler seg til søknadene når det gjeld fare for forurensing. Fylkesmannen hjelper SFT i dette arbeidet. I 1985 uttala fylkesmannen seg til omlag 30 søknader om konsesjon for nyetablering, utviding eller flytting av matfisk- og settefiskanlegg. I tillegg blei det vurdert omlag 60 lokalitetar for oppdrett på pre-søknad-stadium etter kontakt frå einskildpersonar og div. verksemdar. Det har og gjennom heile året komme ein jamm straum av telefonopp-ringingar om desse sakene, noko som krev mykje tid for dei tilsette i avdelinga.

Ein del konsesjonar er gitt på vilkår av at det etter avtale med fylkesmannen blir sett i gong eit overvåkingsprogram for vasskvaliteten i det aktuelle området.

Fylkesmannen utarbeidde i 1983 eit kart som viste kva område som var lite eigna for fiskeoppdrett. Det har komme ein god del reaksjonar på dette kartet. Vi har imidlertid røynsle for at kartet har hatt ein gunstig verknad som informasjon, idet det etterpå i liten grad er blitt søkt om å få godkjent anlegg på stader der det må reknast med spesielle forurensingsproblem, evt. spesiell fare for slike problem.

Frå fylkeskommunen er det teke initiativ til å gå nærare inn på dei områda i fylket som er mindre eigna for oppdrett, i form av ei spesiell gransking. Uansett utfallet av denne granskinga vil det vere av stor verdi generelt å få betre kjennskap til og meir data om forurensingssituasjonen og naturgitte tilhøve i fjordar og kystnære farvatn ut over det vi i dag sit inne med.

Tidlegare praksis når det gjeld behandling av søknader om konsesjon for oppdrett har berre i liten grad ført til at kommunane har fått høve til å gi ei vurdering av sine interesser i dei einskilde sakene. Fylkesmannen har difor gjennom sin kontakt med sakene søkt å bringe inn kommunane i størst mogleg utstrekning. Gjennom det nye opplegget for behandling av oppdrettssaker som blir gjennomført frå og med den tildelinga av matfiskkonsesjonar som er i gang no, blir det sendt ein kopi av konsesjonssøknaden til kommunane som ein ordinær del av søknadsprosedyren. Vi har tru for at dette la gt på veg vil redusere faren for at det vil oppstå konflikhtar ved dei einskilde lokaliseringane.

Arbeidsinnsatsen er rekna til omlag 12 månadsverk.

2.8 Samla Plan

Avslutting av arbeidet med Samla Plan la og beslag på tid i 1985. Til saman 1 månadsverk blei brukt til vassdragsrapportar om forurensing.

2.9 Dumping av båtar m.v.

Fylkesmannen fekk ved rundskriv T-12/84 frå Miljøverndepartementet delegert myndighet til å gje løyve etter Forurensingslova til dumping av stoff og gjenstandar i sjøen. Dette gjeld vanlegvis kondemnerte båtar og mudringsmassar.

I 1985 ga fylkesmannen m.a. løyve til å dumpe 31 kondemnerte båtar og 3 løyve for dumping av mudringsmassar. Eit dumpetilfelle utan løyve blei oversendt politiet for strafferettsleg vurdering.

I desse dumpesakene blir saksbehandlinga samordna med Kystverket slik at nødvendig løyve etter Hamnelova blir gitt før dumpinga kan bli sett i verk.

Arbeidsinnsats er rekna til 0.5 månadsverk.

3. AVFALL OG GJENVINNING

3.1 Kommunale avfallsanlegg

Alle kommunane i fylket har ei eller anna form for renovasjonsordning. Desse kan vere ulike både når det gjeld innsamling og behandling. I dei fleste kommunane er det obligatorisk å delta i renovasjonsordninga, i andre er det obligatorisk i dei mest sentrale delane av kommunen og i nokre få kommunar har det til no vore ei frivillig ordning. § 30 i forurensingslova føresett at det etter 1. januar 1985 skal vere obligatorisk renovasjonsordning som minst omfattar tettstadene i kommunane.

Behandling og deponering av avfallet skjer i fyllingar eller ved forbrenningsanlegg.

Interkommunale løysingar har i dei fleste tilfelle vist seg økonomisk fordelaktig og derfor interessant i kommunal sammanheng. Reint fagleg er det og sterke syn for å etablere interkommunale selskap etter kommunelova. På den måten vil det vere eit godt grunnlag til å organisere og drive innsamling og behandling av alt avfall på den beste måten.

I 1985 blei arbeidet med å planlegge evt felles avfallsløysing for kommunane Aure, Smøla og Tustna fullført. Styringsgruppa tilrådde eit felles anlegg for kommunane i Gulsteindalen i Tustna kommune. Etter lokale protestar blei dette alternativet ikkje godtatt av Tustna kommunestyre. Etter dette har Smøla kommune fått avtale med Kristiansund kommune om mellombels å levere avfall til anlegget i Hagelin. Dei andre kommunane held fortsatt fram med tidlegare løysingar.

Arbeidet med å bygge forbrenningsanlegget på Grautneset for Ålesund og aktuelle nabokommunar tok til i 1985 etter lokale aksjonar og etter at alle klagemuligheter har vore prøvd. Det står att å finne fram til og opprette den samarbeidform/interkommunalt selskap som er ynskjeleg.

Arbeidsinnsatsen i 1984 er rekna til 1 månadsverk.

3.2 Gjenvinning av avfall

Miljøverndepartementet har utarbeidd handlingsplanen for gjenvinning av avfall.

Miljøvernavingdelinga har deltatt i orienteringsmøte i samband med moglege prosjekt i fylket. Spesielt har gjenvinning av matavfall frå storhus-hald vore drøfta.

I Møre og Romsdal er det idag ein del bedrifter som nyttar eller gjenvinn tradisjonelle avfallsstoff men det har ikkje blitt noko nye prosjekt i samband med handlingsplanen.

Arbeidsinnsats er rekna til 1/2 månadsverk.

3.3 Biloppsamlingsplassar

Pr 31.12.85 var det følgjande biloppsamlingsplassar i Møre og Romsdal:

Firma	Stad	Bilvrak innsamla i 1985
Eiksund Gjenvinning A/S	6170 Vartdal	614
G.Ellertsen A/S	6060 Hareid	709
Simonsen A/S	6400 Molde	642
A/S Jema	6500 Kristiansund	428
American Car Club Sunndalsøra	6600 Sunndalsøra	98 *)
Sum (mottatte vrakmeldingar til Toll- og avg.dir.)		2 491

*) 4. kvartal er ikkje med for denne plassen.

Arbeidsinnsats i 1984 er rekna til 1/2 månadsverk.

3.4 Spesialavfall

Miljøverndepartementet fastsette i 1984 "Forskrifter om leveringsplikt, innsamling, mottak og behandling/disponering av visse grupper spesialavfall". I tråd med dette er det under utvikling eit landsomfattande system for spesialavfall som vil omfatte ein del sentrale behandlingsanlegg og regionale/lokale oppsamlingsplassar. I Møre og Romsdal er det førebels planlagt ein oppsamlingsplass i Alesund.

I 1985 la Statens forurensingstilsyn fram plan for korleis oppsamlingsystemet for spesialavfall skulle etablerast på nasjonalt/regionalt nivå. Det blei foreslått etablert 7 regionar med ein regionansvarleg som skulle stå for koordinering av arbeidet innafor det enkelte området. Trondheim kommune/Enholdsvesenet er regionansvarlig for Møre og Romsdal og Trøndelagfylka.

4. STØY

Fylkesmannen har i 1985 ikkje hatt noko ansvar for støysaker. Søknader om konsesjon for skytebanar blir oversendt frå Statens forurensings- tilsyn til uttale. I 1985 har fylkesmannen uttalt seg til 4 søknader.

I 1985 begynte Miljøvernavdelinga å vurdere vegtafikkstøy i samband med reguleringsplaner.

Arbeidssatsen er rekna til 1 månadsverk.

5. AKUTT FORURENSING

Fylkesmannen har ikkje noko ansvar for akutt forurensing. I 1984 blei det på fylkesnivå m.a. reist spørsmål om sikring av drikkevasskjelder mot akutt forurensing som følge av uhell ved transport av farleg gods. Som førebels resultat av desse drøftingane blei det registrert omfang og bruk av risikokjemikalier i bedriftene i fylket. Fylkesmannen, i samarbeid med Statens Arbeidstilsyn, stod for opplegget for registreringa, medan innhentinga av materialet blei foretatt av politiet.

I 1985 blei dette materialet gjennomgått og systematisert i Miljøvernavdelinga, og materialet blei gjort tilgjengeleg for politi og redningstjeneste.

Arbeidssinnsats er rekna til 1/2 månadsverk.

6. KOMMUNALE AVGIFTER

Alle kommunane i fylket kravde i 1985 inn kloakkavgift etter Lov om kommunale vass- og kloakkavgifter. 28 kommunar kravde inn vassavgift.

Ved iverksetting av Forurensingslova blei Lov om kommunal renholdavgift oppheva. Heimelen til å krevje inn avgift for renovasjon (avfallsgebyr) vart etter dette kommunale forskrifter etter § 34 i Forurensingslova.

Det er etter måten stor skilnad på avgiftene kommunane imellom. I nokon grad viser dette forskjell i utgifter ved dei ulike ordningane. Kommunane utnyttar i forskjellig grad høvet til å dekkje inn kostnadene/utgiftene innan vatn-, kloakk og renovasjon. Enkelte kommunar har eit vesentleg inntektspotensiale her. Nokre få kommunar har så høge avgifter at det er grunn til å vurdere dei nærare. Inntektene ved vass- og kloakkavgift og avfallsgebyr skal heilt ut nyttast innan den enkelte sektor.

Tabell 6. Vass-, kloakk og renovasjonsavgift 1985

Kommune	Vassavgifter		Kloakkavgifter		Avfallsgebyr
	Tilkopling	Arsavgift	Tilkopling	Arsavgift	
Aukra	5.200	546	4.000	255	428
Aure	3.000	400	2.500	300	325
Averøy	5.780	690	5.795	420	550
Eide			6.700	682	520
Frei	5.000	900	5.000	345	244
Fræna	3.206	514	3.206	514	500
Giske	6.700	580	10.600	580	425
Gjemnes	8.000	680	6.100	560	520
Halsa			5.360	400	295
Haram			2.000	200	450
Hareid			6.600	220	635
Herøy			4.930	315	635
Kristiansund	2.900	687	2.900	158	683
Midsund	4.010	560	4.010	560	500
Molde	2.900	1.395	2.900	820	570
Nesset	3.000	354	3.000	354	470
Norddal			5.675	430	570
Rauma	1.650	330	1.870	374	440
Rindal	4.790	445	4.790	445	306
Sande	5.700	576	6.300	360	580
Sandøy	3.025	552	3.630	276	275
Skodje	7.794	748	5.317	632	535
Smøla	6.360	1.020	3.820	254	455
Stordal			3.179	212	514
Stranda	4.000	416	4.800	336	444
Sula	3.240	396	7.560	228	530
Sunndal	3.000	420	3.000	360	390
Surnadal	3.200	450	3.200	360	400
Sykkylven	5.750	875	4.250	200	340
Tingvoll			4.600	520	500
Tustna			4.859	410	325
Ulstein	4.620	585	7.045	412	635
Vanylven	3.600	486	3.600	360	
Vestnes			7.000	900	440
Volda	5.000	288	8.460	180	570
Ørskog	5.750	600	7.015	300	504
Ørsta	5.000	288	8.460	180	570
Ålesund	1.800/ 7.500*)	570	1.800/ 20.000*)	350	715

Avgiftene er ekskl. mva. og gjeld for bustadhus på 100 m² leigeareal
 dh for 1 stativ. Avgifter merka *) gjeld utanfor byggefelt.

7. NATURVERN OG FRILUFTSLIV

Det meste av busetnaden og derfor det største presset på naturen og viktige friluftsområde i Møre og Romsdal er lokalisert til areala under 150 m.o.h. Berre 3241 av fylket sitt totale areal på 15104 km² ligg i denne sona. Ser vi bort frå kraftutbygging så er det i denne delen av fylket aktiviteten foregår både når det gjelder inngrep i naturen som landbruk og teknisk utbygging og det er her vi finn store og små konflikhtar mellom dei ulike arealbruksinteresser.

Det er generelt stor politisk semje om at både naturvern og friluftsliv er viktige arealbruksinteresser som representerer verdier av stor betydning for samfunnsutviklinga. Og at det er langsiktige mål som skal leggest til grunn når bruk og forbruk av areal og andre naturressursar skal avgjerast.

Det er derfor viktig å kjenne til dei mål og retningslinjer som er fastsett for arbeidet med naturvern og friluftsspørsmål i den offentlege sektor. I den samanheng vil vi også minne om at dei generelle prinsippa for arbeidet er vedtatt av eit samrøysta storting, sist ved handsaminga av St. melding nr. 68 (80-81) om "Norsk natur", og har følgjande innhald:

"Ein økologisk bruk av naturressursane som sikrer naturen som varig kilde for menneskenes virksomhet, helse og trivsel."

"Bevaring av naturens variasjonsrikdom både i høve til planter og dyr og deres leveområder, landskap og geologiske formasjoner og andre forekomster."

Dette er ein generell formulering som gjeld for alle som planlegg eller gjer inngrep i norsk natur. Altså eit samfunnsansvar som ikkje berre gjeld for offentlege etatar som skal ivareta natur- og friluftsinnteressene etter ulike lovverk.

Naturvern er heller ikkje avgrensa til å gjennomføre vernetiltak etter naturvernlova. Arbeidet med dei fylkesvise verneplanane tek sikte på å verne mindre område av alle naturtypar som finst i fylket. Og sjøl om arbeidet med nasjonalparkar og større landskapsvernområde i fjellet, verneplan for vassdrag m.v. vil medføre områdevern av noko større areal, er likevel den mest sentrale oppgåva, både i naturvern- og friluftssektoren, å oppretthalde variasjonsrikdommen generelt og at dei fundamentale økologiske prosessane i naturen totalt sett fungerer.

Målsettinga er derfor å unngå inngrep, enten enkeltståande store eller mange små, av ein slik karakter at økosystema kjem ut av likevekt, den totale biologiske produktiviteten blir svekka, artar blir utrydda, eller at ulike forekomstar og sjeldne naturtypar blir omdisponerte til andre formål.

Og denne målsettinga gjeld ikkje berre i landssamanheng, men også regionalt og lokalt. Skal menneske sitt behov for ein variert og frisk natur kunne opplevast dagleg på areal med den ønska kvalitet sikrast i nærleiken av der folk er busett.

Det er ei kjent sak at dei konflikhtar som oppstår mellom natur- og friluftsinnteresser og utnytting av arealredursane til næringsdrift og

økonomisk verksemd svært ofte er ulik vurdering av det tidsperspektiv som skal leggest til grunn. Planføresegnene i den nye plan- og bygningslova som tek til å gjelde frå 1. juli 1986 er det lovgrunnlag som skal nyttast til å løyse slike konfliktar i framtida og gi dei offentlege styresmaktene som har ansvaret for dei ulike sektorinteressene høve til å legge langsiktige mål til grunn når areal skal omdisponerast frå landbruk/natur/friluftsområde til andre formål.

Vi som arbeider i naturvern/friluftssektoren finn grunn til å avdramatisere noko av dei påstått store konfliktane disse interessene har med landbruksnæringa. Generelt er desse konfliktane svært små. Men det er også vanskeleg å gjennomføre vern av dei ulike naturtypene som t.d. våtmarks- og myrområde utan å kome i konflikt med enkelte grunneigarar. Vi ser det derfor som ei mykje viktig oppgåve i verneplanarbeidet å finne fram til område der realkonflityen med den enkelte grunneigar er minst mogleg. Alle er samd i at det er viktig å sikre mangfaldet og det biologiske produksjonsgrunnlaget i naturen. Dei generelle samfunnsinteressene og primærnæringane skulle ha eit felles mål å arbeide mot i den samanheng. Og vi som arbeider med desse spørsmåla synes å ha registrert at utviklinga dei seinare år har gått den vegen. Om reduksjonane i det biologiske produksjonsgrunnlaget kjem med tekniske inngrep i eit område eller slitasje ved almenn bruk i alle samanhengar må dette sjåast på som negativt. Det er derfor ei viktig oppgåve for dei offentlege miljøvernstyresmaktene å ha eit godt samarbeide med private næringsorganisasjonar, den enkelte grunneigar og med andre offentlege organ med sikte på å utarbeide planar, både regionalt og lokalt som har følgjande mål:

Ta vare på det biologiske produksjonsgrunnlaget i våre vassdrag og nære sjøområde.

Ta vare på produksjonsområda på land og verne dei mot tekniske inngrep, forureining og erosjon.

Verne den naturlege produktiviteten i skogområda og deira verdi for lokalklima, vasshushaldning, luftkvalitet og plante- og dyreliv.

Sikre naturområde i lokal og regional samanheng som kan gi grunnlag for friluftsliv, jakt og fiske.

Sikre område i nærmiljøet slik at kvar enkelt har høve til eit aktivt friluftsliv og dagleg kontrakt med naturen. Dette må gjelde eldre som unge, bilande som gåande.

Som forvaltarar av lover og reglar som regulerer arealbruk og som fagleg ansvarleg i friluft- og naturvernsektoren er det miljøvernavdelinga sin oppgave ved kontroll og informasjon å sjå til at målsettinga for desse samfunnsinteressene blir gjennomført. Dette er ingen lett oppgåve da både politikarane, næringslivet og den enkelte grunneigar naturleg nok er mest interessert i økonomiske spørsmål og arbeidsplassar. Alle planar og enkeltsaker som omhandlar inngrep i naturen skal handsdamast etter ulike lovverk, både på kommune- og fylkesnivået. Saksmengden har ein tendens til å vekse etter kvart som samfunnsutviklinga krev stadig snarare omskifte i den enkelte bransje og nye kjem til. FN-seksjonen sin kapasitet har derfor siste året i høg grad gått med til rutinemessige oppgåver for å halde sakshandsamingstida for konkrete utbyggingssaker på eit akseptabelt nivå. Det har ført til at meir langsiktige arbeidsoppgåver har blitt utsett. Men det har også dette året blitt arbeidet med fylkesvise verneplaner for ulike naturty-

par og Handlingsprogrammet for friluftslivet. Avdelinga arrangerte også i samarbeide med fylkesfriluftsnemda den første fylkeskonferansen om friluftsliv og naturvernsspørsmål med kommunane som primær målgruppe. Konferansen, som varte i to dagar, hadde svært god oppslutning med aktive deltagarar som med stor entusiasme ga uttrykk for engasjement og fagleg kjennskap til dei tema som vart drøfta. Men tiltaket avdekte også at det er eit svært stort behov for slike informasjonstiltak, både når det gjeld reint fagstoff og verdien av å drøfte felles problem. Avdelinga kjem derfor til å vurdere denne formen å gi informasjon på grundig og om mulig arrangere tilsvarande konferanse f.eks. anna kvart år.

Grovt sett kan dei 4 fast tilsette ved FN-seksjonen sitt forbruk av tid delast slik:

Enkeltsaker, møte, synfaringer m.v.	24 månadsverk
"Samla plan"	1 "
"Møre I"	1 "
Verneplanarbeid	8 "
<u>Fylkesfriluftsnemda</u>	<u>14 "</u>
	48 månadsverk

I tillegg har engasjert personell utført ca. 24 månadsverk på ulike prosjekt som Samla plan, Møre I, fylkesvise verneplanar, Handlingsprogram for friluftslivet og merking og skjøtsel i verna område. Det er og 5 deltidstilsette oppsynsmenn i ulike verneområder som har til oppgåve å sjå til at vernereglane i det enkelte område blir respektert.

7.1 Naturvernarbeidet

Arbeidet med dei fylkesvise verneplanane er prioritert etter følgjande langtidsplan:

Verneplantype	Arbeid på fylkesnivå	Innhenting av merknader	Gjennomføring
Trollheimen (mellombels fylkesplanvedtekt innført)			1986
Reinheimen (mellombels fylkesplanvedtekt innført)			
Våtmark	1982/83	1983/84	1986
Geologi, mineral			Gjennomført
Geologi, lausmasser	1986/87	1987/88	1989
Edellauvskog	1984	1986/87	1987/88
Myrtypar	1984/85	1985/86	1987/88
Sjøfugl	1982/84	1986/87	1988/89
Havstrand	1984/85	1986/87	1988/89
Barskog	1984	1986/87	1988/89
Landskapstypar	1985/86	1986/87	1988/89

Vidareføring av arbeidet med "Reinheimen" må sjåast i samanheng med handsaminga av Samla Plan, då eit endeleg vedtak i Stortinget når det gjeld utbyggingsalternativ i Rauma elv med sidevassdrag er avgjerande for om det er aktuelt å etablere eit verneområde i Nord- Ottadalen/Tafjordfjella. Fylkesmannen har gjort framlegg om at området blir vurdert i samband med Statens Naturvernråd sin utgreiing om nye nasjonalparker i Norge.

Når det gjeld Trollheimen og "Reinheimen" vil innføringa av ny plan- og bygningslov føre til at dei mellombels fylkesplanvedtektene automatisk går ut. Avdelinga ser derfor med uro på korleis utviklinga i desse områda vil bli inntil varig vern kan bli gjennomført. Det er heimel både i § 17.1 i den nye plan- og bygningslova, og i §18.3 i naturvernlova til å innføre mellombels føresegner som kan hindre uønska inngrep i perioden fram til endeleg vernevedtak. Miljøvernavelinga vil for sin del tilrå Miljøverndepartementet å nytte naturvernlova, da begge desse områda er med i nasjonalparkutgreiinga.

På grunn av svært mange enkeltsaker, arbeidet med Samla Plan, Møre I og større plansaker er ikkje langtidsplanen for dei fylkesvise verneplanane gjennomført, men det er arbeid noko med dei fleste prioriterte prosjekta. Status for dei enkelte verneplanane og andre viktige prosjekt som seksjonen arbeider med kan kort karakteriseres slik:

VERNEPLAN FOR TROLLHEIMEN

Plandokumentet ligg i Miljøverndepartementet for godkjenning, og vi er ikkje kjent med kva framdriftsplan som er lagt for gjennomføringa. Vi har registrert at det også siste året har foregått uheldig vegbygging inne i det foreslåtte verneområdet. Slike inngrep er i seg sjøl mykje uheldige, men særleg dersom det vil medføre avvirkning av skog i større mengder vil verneinteressene bli sterkt skadelidande.

VERNEPLAN FOR VÅTMARKSOMRÅDE

Arbeidet med planen er slutført og sendt Miljøverndepartementet med tilråding om å gjennomføre vern i alle områda med unnatak av Svansvat-

net i Giske kommune. Dette er teke ut p.g.a. konflikt med svært store jorddyrkingsinteresser. Gjennomgangen av innkomne merknader frå grunneigarar, organisasjonar, ulike offentlege faglege organ m.v. medførte mange mindre justeringar, både av grenser og vernereglar i det enkelte område. Etter vår vurdering er dei reelle konfliktane med andre arealbruksinteresser i dei fleste områda moderate og vi rekner med at vern blir gjennomført i dei fleste, og at planen blir ferdig handsama i regjeringa våren 1986. Stor konflikt er det etter dei opplysningane som ligg føre i Håsenøranområdet i Sunndal kommune og Roaldsanden i Giske kommune. Særleg for den siste er utbyggingsinteressene store da det gjeld utvidelse av Alesund Lufthavn, Vigra.

VERNEPLAN FOR MINERALFOREKOMSTAR

Arbeidet med grensemerking av dei 3 eklogittforekomstane

"Helgehornvatnet" i Vanylven kommune
 "Raudehaugen" i Vanylven kommune og
 "Kallskaret" i Norddal kommune

er gjennomført i 1985.

Vi har og i samarbeid med grunneigarane forsøkt å etablere oppsyn, men dette har ikkje lukkast. Det er svært uheldig da vi hadde ein episode sumaren 1985 med eit større tjuveri av eklogittstein både i Helgehornvatnet og Raudehaugen verneområde. Tjuvane var tyskarar på ekskursjon og vart leia av geologar frå universitetet i Wurtzburg. Bortført steinmengde er oppgitt til ca. 200 kg. Både redskapsbruken og mengden av stein er eit klart brot på vernereglane og hendinga vart meldt til Sunnmøre Politikammer som har avslutta den utan oppklaring. I og med at brotsmennene er kjent har Miljøverndepartementet bede politikammeret om at saka blir teken opp på nytt.

VERNEPLAN FOR SJØFUGLRESERVAT

På grunn av andre arbeidsoppgåver har framdrifta i arbeidet med denne planen vore heler liten. Men vi rekner med at dei naturfaglege data som er innhenta til Møre I rapporten vil gi eit enda sikrere grunnlag til å utarbeide det endelege plandokument. Planen var å gjennomføre første høyringsrunde i 1985, men kapasiteten var for liten. Arbeidssituasjonen for 1986 er noko uklar, men vi håper å slutføre arbeidet med førsteutkastet til plandokument.

VERNEPLAN FOR KVARTÆRGEOLOGI/GEOMORFOLOGI

Geografisk institutt, Universitetet i Oslo har i 1985 framlaqt eit førsteutkast til plandokument. Vi har vurdert dette materiale for lite til å ha noko sikker meining om det er dekkande for utviklingshistoria til kvartærgeologien i fylket. Men det synes som rapporten i første rekke har ivareteke hovedlinene til isavsmeltingshistoria. Det er derfor mulig at det kan bli aktuelt med ein utvida registreringsfase.

VERNEPLAN FOR EDELLAUVSKOG

Manglande kapasitet har ført til at det ikkje er arbeidd med denne planen i 1985, men det er teke initiativ i nokre enkeltsaker der grunneigar(ane) har hatt ønskje om å nytte områda til andre føremål. Dette gjeld m.a. skogsvegbygging.

Den lange tidsperioden mellom fagrappport og utarbeiding av verneplan er i det heile eit problem som medfører mykje ekstraarbeid. Det må derfor bli eit mål at tida mellom registreringsfase - planfase og planfase - gjennomføring blir så kort som mogleg.

VERNEPLAN FOR MYRRESERVAT

Arbeidet med denne verneplanen har gått for fullt i 1985. Det er avviklet grunneigarmøte med synfaring i alle område, og det er gjennomført tilleggsregistreringar av Universitetet i Trondheim for å finne fram til alternative myrar til erstatning for objekt som enten går ut på grunn av store inngrep eller konflikhtar med andre arealbruksinteresser. Førsteutkastet til plandokument er sendt ut på første høyringsrunde og vi reknar med at vår del av planfasen er gjennomført i 1986. Sjølv om myr utgjer i overkant av 10 % av landarealet i fylket, vil eit utval på ca. 30 objekt der alle myrtypene er representert medføre enkelte konflikhtar med andre arealbruksinteresser. Dette gjeld i første rekke myrar i låglandet og ut mot kysten. Men desse myrtypene er også svært verdfulle som verneobjekt, og ei verneplan for myr er ikkje akseptabel utan at desse myrtypene er med. Vi går ut frå at den høyringsrunden som no er i gang vil avklare om myrplanen vil bli eit plandokument som er dekkande for vern av denne naturtypen i Møre og Romsdal.

VERNEPLAN FOR HAVSTRAND/DELTAOMRÅDE

Økoforsk har gjennomført registrering av alle aktuelle forekomstar og utarbeidet utkast til verneplan med prioritering av det enkelte område. Plandokumentet skal gå i trykken først i 1986. Mange av dei områda som er tilrådd verna er svært utsett for inngrep frå andre arealbruksinteresser, og vi reknar med at det kan bli vanskelig å gjennomføre vern med heimel i naturvernlova for alle. Vi reknar med å gjennomføre synfaringar, grunneigarmøte og første høyringsrunde i 1986. Mange av havstrand/deltaområda er med i våtmarksplanen, slik at arbeidet med denne naturtypen blir noko mindre omfattande enn talet på område skulle tilseie.

VERNEPLAN RIKFURUSKOG

Økoforsk, Asavdelinga v/ Jan Erik Bjørndalen gjennomførte i 1984 registreringar av denne naturtypen i vårt fylke, men det er ikkje framlagt nokon fagrappport til denne tid. Dette er ein sjeldan og delvis trua naturtype slik at det hastar med å få gjennomført vern dei forekomstane som er att. Avdelinga kjem derfor til å påskynde dette arbeidet i 1986.

GRIMSTADVATNET NATURRESERVAT

Vernet har stort sett fungert som forutsatt, men det har vore små inngrep i randsonene frå ivrige grunneigarar i samanheng med dyrkingsarbeid. Desse etter måten små brota på vernereglane er påtala, og vi er blitt samd med dei aktuelle grunneigarane korleis dyrkingsinteressene skal tilpassast vernereglane.

Verre er det den omfattande diskusjonen som pågår om korleis utlaupsterskelen i Grimstadvatnet fungerer i høve til den kong. res. for flaumsenkinga av vatnet. Både grunneigarane og dei kommunale styresmaktene hevdar med stor styrke at nedbømråda til terskelen medfører stuvingssefekt slik avrenninga av flaumvatnet går for seint. NVE har no set i

gang målingar som skal fastlegge både vassmengde i m³/sek og avrenningstid slik at dette spørsmålet kanskje vil få ei avklaring i løpet av 1986.

RUNDE FREDINGSOMRÅDE

Tilstrøyminga av tilreisande til Runde er som før og alle turistverksemdene har notert ny rekord når det gjeld overnattingar. Det er få konflikhtar mellom vernereglane og turisttrafikken, men den store tilstrøyminga av privatbilar har tildels medført stor ulempe for dei fast busette. Parkeringsplassen i Goksøyrområdet for ca. 100 bilar er no bygd ferdig og vil avhjelpe dei værste plagene. Vi vurderer det som nødvendig å sette opp "parkering forbudt"-skilt langs vegen i Goksøyra for å få utnytta kapasiteten på parkeringsplassen fullt ut. Sanitæranlegg vil bli oppført i 1986. Når det gjeld oppføring av observasjons-hytte i eit av fuglefjella er det budsjettet for 1986 som avgjer om dette tiltaket kan gjennomførast. Informasjon og opplysning er elles svært viktig i eit område som Runde, og det vil bli montert fleire opplysningstavler om verneformål og vernereglar i 1986.

Det er og gjort framlegg om å gjennomføre plantelivsfreding for alt udyrka areal på Runde, da alle dei tilreisande medfører at mange av dei meir sjeldne planteartane blir hausta, også dels med rot. Tanken er framsatt lokalt, og vi vil undersøkje situasjonen i feltsesongen som kjem.

VEØY LANDSKAPSVERNOMRÅDE

Arbeidet med å utarbeide ein skjøtelsesplan for kulturlandskapet på Veøya held fram. Det er og sett i verk tiltak for å halde kulturlandskapet vedlike ved m.a. innkjøp av traktor med reskap for å slå innmatka. Det er og i 1985 etablert fast oppsyn i Veøy landskapsvernområde, noko som har letta arbeidet i dette verneområdet mykje. Vi kjem til å halde fram med skjøtelsesarbeidet etter same mønster som før til skjøtelsplandokumentet ligg føre ein gong ut på sumaren 1986.

7.2 Nasjonalparkutgreiinga til statens naturvernråd

Fylkesmannen har gjort framlegg om at følgjande område i Møre og Romsdal blir vurderte:

- | | |
|---|------------------------|
| 1 Geiranger - Herdalsområdet, fjord- og fjellandskap | ca 500 km ² |
| 2 Utviding av Dovrefjell nasjonalpark, fjellandskap | ca 535 km ² |
| 3 "Reinheimen" (Nord-Ottadal/Tafjordfjella), fjellandskap | ca 650 km ² |

Arbeidet med ein NOU pågår for fullt i Miljøverndepartementet og den vil etter framdriftsplanen bli trykt i 1986. Det ligg føre planar om kraftutbygging både i Geiranger - Herdalsområdet og "Reinheimen" (Rauma) slik at resultatet av desse framlegga om landskapsvern blir sterkt påverka av Stortinget si handsaming av Samla Plan våren 1986.

7.3 Smøla - prosjektet

Samarbeidet om å gjennomføre vern av dei mest verdifulle naturområda i Smøla kommune står fortsatt i stampe. Det er oppretta kontakt både med kommunen og Møre og Romsdal Fylkeskommune, planavdelinga, men

framdrifta går tregt. Generalplanen for Smøla syner at det er svært få konflikhtar mellom vern og næringsmessig utbygging, men i dette er ikkje havbruk med. Avdelinga rekner med å ta eit nytt initiativ først på nyåret for å full nytte av feltsesongen 1986.

7.4 Truga og sårbare artar

Omsynet til plante- og dyreartar i ein utsett bestandsituasjon er ein viktig del av det praktiske naturvernarbeidet, både med tanke på arts- og områdefredingar, og gjennom andre forvaltningstiltak.

Forvaltingsproblema er ueinsarta: Somme artar kan vere direkte truga av utrydding, andre kan ha så spesielle miljøkrav at dei aldri har hatt eller kan få store og tette bestandar. For nokre artar kan det vere menneskeskapte, negative faktorar som trugar.

Møre og Romsdal har ei spennvidde i naturen som ligg opp mot det maksimale av det ein kan finne i eit fylke i vårt land, både klimatisk og topografisk. Dette gjev livsvilkår også for ei rekkje artar som kjem inn under kategorien "Truga og sårbar". Vi har langt frå tilfredstillande oversyn over det som finst av slike artar i fylket, men det kan likevel vere av interesse med ein rask gjennomgang av det vi veit i dag:

- Planteartar

På stader med kalkberggrunn, marinavsetningar og gunstig lokalklima, finst det fleire botaniske godbitar, også innan kategorien "truga eller sårbar". Talstadhesten og kringliggande kalkfjellsområde i Fræna og Eide er velkjent for sitt planteliv, og her har ØKOFORSK i Trondheim planlagt systematiske undersøkingar når det gjeld planteartar og -samfunn som det er lite og ikkje av i landet elles. Bl.a. skal det her finnast moseartar som ikkje er påviste andre stader i Europa.

Av interesse i ein forvaltningssamanheng er at dei to lokalitetane for breidt dunkjevle, Grimstadvatnet i Hareid og Lerstadvatnet i Alesund, i dag representerer nordgrense for denne arten i vårt land. Inntil nyleg var det kjent to lokalitetar ved Trondheim, men begge desse har gått ut. Begge førekomstane i vårt fylke er innafor freda våtmarksområde og burde såleis vere sikra. Vidare har bendeltjønnaks vore notert som utdøydd i Norge, men er dei siste åra funne i Myklebustvatnet i Herøy, også her innafor freda område. Av dei atlantiske planteartane har purpuryng nordgrense i vårt fylke, men er jamnt utbreidd sørover Vestlandet. To andre artar i same følgjet, havburkne og hinnebregne, er sjeldnare, men har ei rekkje veksestader i Møre og Romsdal. Særleg havburkne er sjeldan i landsmålestokk, knytta som den er til område med havgrotter langs ytre, eksponerte klippekystar.

- Dyrelivet

Kjennskapen til den lavare faunaen er særdeles mangelfull, og vern og forvaltning av insekt og anna småkrek har neppe påkalla lekfolks omsorg. Likevel høyrer også desse artane med under forvaltingsansvaret vårt. Og visse spesialitetar veit vi at det finst. Sommarfuglarten Nemosyne er påvist berre på to lokalitetar i vårt land. Den eine ligg i Sunndalen. Og så prosaisk det enn kan høyrast: Sjeldne snegleartar er registrerte, bl.a. på Grasøya ytst mot havet i Ulstein. Til og med innafor freda område. Men stort sett er det eit forsømt felt, dette med vern av den

lavare faunaen.

Best kjende dyregruppa i fylket er nok utan samanlikning fuglane, og vårt fylke har eit sentralt forvaltingsansvar for fleire av dei artane som er med i gruppa "truga og sårbare". Minst 3/4 av dei kjende hekkepara av dvergdykkar i vårt land er å finne i Møre og Romsdal, stort sett innafor område som er med i Verneplan for våtmarker. Likevel er dei sårbare, knytte som dei er til vegetasjonsrike småtjønner i område med tett busetnad. Situasjonen for arten ser ut til å vere stabil. Då er det verre for dei storlom og smålom. Begge har gått sterkt attende i fylket i nyare tid. Derfor er det sett i gang arbeidet for å summere opp viten om desse artane.

Sidan 1975 har toppskarven gått attende med 2/3 i Møre og Romsdal. Heldigvis tyder opptelling 1985 på ein svak auke. Fleire av dei mest sjeldne andeartane i vårt land hekkar i Møre og Romsdal. Nokre av dei har truleg nokre av sine viktigaste lokalitetar her, t.d. knekkand. Diverre har det vore fleire negative trekk: Svansvatnet på Vigra, hekkplass for knekkand og skeiand, er no uttørka, og det ser ut til at dei taffelendene som hekka på Sula, har forsvunne.

På rovfuglfronten merkar ein seg særleg havørn, kongeørn og vandrefalk. Den førstnemnde har hatt positiv utvikling siste åra. Kongeørnbestanden er og god, kanskje den største og tettaste i noko fylke i vårt land. Dette betyr eit forvaltingsansvar av internasjonal interesse. I internasjonal samanheng er det likevel vandrefalken som for tida er den mest truga. Då er det tilfredstillande å notere at bestanden i Møre og Romsdal har utvikla seg positivt siste åra.

Fylket merkar seg og ut når det gjeld riksefuglar. Ein rapport frå 1985 tyder på at fylket for tida er det viktigaste åkerrikefylket i landet, ein art på kanten av utrydding hos oss. I dag finst denne fuglen mest på brakkmarker i dei ytre øykommunane nord til Fræna. I tillegg er det årvisse førekomstar av myrrike og vassrike i fleire av sumpmarkene og ferskvatna, to artar som er svært sjeldne og sporadiske elles i landet. Myklebustvatnet i Herøy er ein særleg viktig lokalitet for desse artane.

Det er i 1985 også lagt fram ein rapport om gråspett og kvitryggspett i Møre og Romsdal, to artar som i Europeisk samanheng fell inn under lista over "truga og sårbare". Denne syner, som vi og har vore klar over tidlegare, at det finst gode bestandar av begge artane i fylket. Saman med dei andre Vestlandsfylka har Møre og Romsdal for tida ein vesentleg del av den kjende, europeiske bestand av begge desse spettene. Dei er avhengige av naturlege skogsbestandar og kan svært fort kome i faresona dersom avverking av vestlandsskogane og treslagsskifte til gran blir gjennomført i stor stil.

Av pattedyra er det først og fremst blant rovdyra ein finn truga og sårbare artar. Nyare registreringar syner at det finst små bestandar av både bjørn, jerv og gaupe i fylket, først og fremst i dei indre grensetraktene. Forvaltninga av desse kan vere problematisk nok, jamfør merknader om rovviltskadar. Registreringsarbeid i 1985 syner og at delar av fylket har bra bestand av oter, ein dyreart som i det meste av Europa har vore på sterkt vikande front. Etter ein stor nedgang også i vårt fylke, ser det no ut til å vere ein viss ekspansjon att.

Som ein ser, vil det i Møre og Romsdal vere bestandar av ei rekkje truga og sårbare dyre- og planteartar. Sjølv om nokre av desse kan nytte godt av dei verneplanane som er under arbeid, står det framleis mykje

att før datagrunnlag og forvaltingsprinsipp for truga og sårbare plante- og dyreartar tilfredstiller behovet når det gjeld forvaltning av desse artane.

7.5 Nye erstatningsreglar ved vern etter naturvernlova

Stortinget har vedteke nye reglar om erstatning ved oppretting av reservat (omfattar og biotopfreding etter naturvernlovas § 9) og naturminne (Ot. prp. nr. 46 for 1983-84 og Innst. O. nr. 2 for 1984-85). Lovendringa vart sett i kraft fra 15. februar 1985. Grunneigarar og retts havarar i slike område vil ha krav på å få dekkja økonomiske tap som er ei følgje av fredinga. Utmåling av erstatning skal skje i samsvar med lov av 6. april 1984 nr. 17 om vederlag ved oreigning av fast eigedom (ekspropriasjons erstatningslova). Det økonomiske tapet skal fastsetjast på grunnlag av salsverdi eller bruksverdi. Men i begge tilfelle vil det berre kunne krevjast erstatning for slike former for økonomisk utnytting som blir forbode etter vernereglane. I verneområde der grunneigaren kan halde fram med visse former for økonomisk utnytting, som t.d. beite eller hogst av ved til eige bruk, inneber eit slikt erstatningsprinsipp at grunneigaren får mindre i erstatning enn om området hadde vore selt eller ekspropriet.

Sjøl om vernereglane for eit reservat eller eit naturminne kan tillate ei viss næringsdrift, er vanlegvis større endringar i driftsforma forbode.

Det kan t.d. vere forbod mot intensiv skogsdrift i form av skogsvegar, grøfting, sprøyting og planting. Økonomiske tap som følgje av eit slikt forbod kan krevjast erstatta dersom ei slik meir intensiv drift må reknast som ei "pårekneleg utnytting som det røynleg er grunnlag for etter tilhøva på staden" (ekspropriasjonserstatningslovas § 5). Også dette spørsmålet må vurderast konkret fra sak til sak. Når ein tek omsyn til påreknelege bruksendringar i samband med erstatningsutmålinga, bestemmer imidlertid dei nye reglane i naturvernlovas § 20 tredje ledd at den verdi som heng saman med offentlege tilskot til bruksomlegging, ikkje skal erstattast.

Grunneigarar og rettshavarar i landskapsvernområde har ikkje krav på erstatning etter dei nye reglane. Det same gjeld ved midlertidig vern. Statens erstatningsplikt ved oppretting av slike verneområde er regulert i naturverrlovas § 20b som lyder:

"Økonomisk tap som følge av vedtak etter §§ 3, 5 og 18 tredje ledd i denne lov kan i samsvar med alminnelige rettsgrunnsetninger kreves erstattet av staten. Med mindre annet blir avtalt, avgjøres spørsmålet ved rettslig skjønn etter begjæring av en av partene innen ett år etter at vedtaket er kunngjort. Departementet kan forlenge fristen. Reglene i domstolsloven §§ 153-158 gjelder så langt de passer."

Med "alminnelige rettsgrunnsetninger" i denne samanheng siktar ein til dei retningslinene som har utvikla seg på grunnlag av prinsippet i Grl. 105, med sikte på lovgjeving som legg restriksjonar på utnytting av fast eigedom. Miljøverndepartementet vil peike på at det berre er i unataktstilfelle, der ein grunneigar eller rettshavar blir ramma hardt av vernevedtaket, at eit vedtak om oppretting av landskapsvern eller midlertidig freding kan utløyse krav om erstatning. Eigarar eller retts havarar som meiner å ha krav på erstatting ved gjennonføring av slike

vernesaker, må sjøl setje fram krav for vedkommande domstol innan eitt år etter at det er gjeve melding om vernevedtaket.

Grunneigarar og rettshavarar i reservat eller naturminne må setje fram skriftlege krav til vedkommande fylkesmann innan eitt år etter at det er gjeve melding om vernevedtaket. Dette er eit vilkår for rett til erstatning etter dei nye reglane.

Miljøverndepartementet tek sikte på å løyse dei fleste erstatningssakene gjennom frivillige drøftingar. Departementet meiner at denne framgangsmåten vil vere like trygg for grunneigarane som eit rettsleg skjønn, og at den dessutan kan føre til eit raskare erstatningsoppgjær.

Dersom naturvernstyresmaktene og dei berørte partane ikkje blir einige, må det offentlege sjøl setje fram krav om rettsleg skjønn for vedkommande domstol. Skjønnsretten vil da fastsetje erstatninga. Staten må setje fram krav om rettsleg skjønn innan halvtanna år etter at det er gjeve melding om vernevedtaket om ikkje grunneigaren går med på utsettjing av fristen.

Ved rettsleg skjønn vil grunneigarar og rettshavarar få dekte sine utgifter til advokat etter reglane i skjønnslova. Også ved frivillige forhandlingar er miljøverndepartementet innstilt på å dekkje slike kostnader.

Ved melding om eit eventuelt fredingsvedtak vil det bli gjeve ei nærare orientering om erstatningsreglane og om framgangsmåten ved fastsettjing av erstatningssummen.

Sjøl om erstatningssakene i prinsippet skal gjennomførast av regjeringsadvokaten vil dei nye reglane medføre mykje meirarbeid for miljøvernavingdelinga. Miljøverndepartementet har laga eit utkast som skisserer arbeidsdelinga mellom departementet, regjeringsadvokaten, eller den han gir fullmakt til å føre disse sakene, og miljøvernavingdelinga. Det er særleg arbeidet med å innhente grunnlagsdata som vil bli avdelinga sitt arbeidsfelt, men det kan også bli aktuelt at vi blir pålagt å gjennomføre enkelte saker i samråd med regjeringsadvokaten når det gjeld det reint juridiske. Dersom alle planer for vern av ulike naturtypar i Møre og Romsdal blir gjennomført vil det representere 300 - 400 reservater. Kor mange grunneigarar og rettshavarar som blir berørt er vanskelig å vurdere, men berre i våtmarksplanen er det nærare 1000 stykker.

7.6 Friluftsliv

Interessen for å sikre friluftssinteressene er fortsatt stor, særleg når det gjeld opparbeiding, og det er fremma søknader for en samla sum i denne sektoren på i alt kr. 16 948 262.

1. Planlegging av fril. og naturvernområder,	post 60	kr. 1 190 000
2. Opparbeiding - " -	post 60	kr. 6 353 474
3. Tilskot til innkjøp - " -	post 60	kr. 1 268 469
4. Heil dekning av utgifter til kjøp av friluftsliv- og naturvernområder,	post 30	kr. 327 850
5. Heil dekning av utgifter ved opp- <u>arbeiding av fril. og naturvernområder,</u>	post 31	kr. 4 808 469
I alt		kr. 16 948 262

Handlingsprogrammet for friluftslivet i Møre og Romsdal reknar med ei samla investering på ca. 30 millioner kroner i perioden 1982 - 1991. Dei åra som har gått syner at det ikkje er mogleg å nå denne målsettinga. Alle offentlege organ som arbeider med desse spørsmåla har budsjett som ligg langt under trongen til pengar. Arbeidet med justering av handlingsprogrammet er derfor sett i gang, men mangel på kapasitet ved avdelinga har ført til at dette ikkje er slutført. Manglande løyvingar frå kommunane og staten har ført til at gjennomføringa av dei enkelte prosjekt er blitt utsett. Dette er ei svært uheldig utvikling, då det kan føre til at interessen for dette arbeidet blir mindre.

I samarbeid med Møre og Romsdal fylkeskommune, planavdelinga, og vertskommunane Herøy og Ulstein, har planarbeidet for fjordsystemet mellom Hareidlandet og Gurskøya gått sin gang i 1985 og kjem til å gå vidare i 1986. Arsaka til at slutføringa dreg ut er dei undersøkingar NIVA er engasjert til å gjennomføre når det gjeld tilstanden i sjølve fjordsystemet. Dette er eit typisk kystzoneplanleggingsprosjekt der fleirbruken i kystsona og dei konflikter dette medfører blir nøye vurdert mot kvarandre og bæreevna til naturgrunnlaget. Avdelinga ser på dette prosjektet som svært nyttig for å vinne erfaring i å vurdere dei problem som bruken av kystnaturen vil føre til både når det gjeld tradisjonell utbygging og bruk og utvikling av nye næringer som t.d. havbruk. Både utviklinga innafor smolt/matfisk-sektoren og skalldyroppdrett går fort. Alle former for oppdrett som krev tilføring av fôr medfører forurensing, og alle driftsformer som er aktuelle til denne tid er ganske arealkrevande. Lokalisering i høve til andre brukarinteresser er derfor eit viktig arbeidsfelt, både i høve til private rettar og ålmenta sin bruk av kystnaturen.

Møre og Romsdal vart tilstått ialt kr. 1 378 000 til naturvern- og friluftslivsmål av dei ulike fagbudsjett i 1985, og pengane er nytta slik:

Tabell 7.1 Heil dekning av utgiftene til opparbeiding og skjøtsel i verna område, post 31.1, tilstått kr. 170 000:

Lønn engasjert personell	34 854
Innkjøp kapitalvarer	43 635
Varer og tenester	2 668
Sosiale utgifter m/feriepenga	10 290
<u>Opparbeiding parkeringsplass - Runde</u>	<u>80 485</u>
Ialt kroner	171 932

Tabell 7.2 Heil dekning av utgiftene til opparbeiding og vedlikehald av friluftsområde, post 31.2, tilstått kr. 310 000:

Kommune	Prosjekt	Sum
Gjemnes	Fursetfjellet, vedlikehald	10 276
Tingvoll	Årsundøya, kai	60 000
Ulstein	Borgarøya, kai	70 000
Stordal	Overøye, park.plass	100 000
Vestnes	Kråkvika, rydding	10 000
Sundal	Grødalen, park.plass	50 000
Molde	Julneset, vegvedlikehald	4 000
Ialt kroner		310 276

Tabell 7.3 Tilskot til planlegging og opparbeiding av natur- og friluftsområde, post 60, tilstått kr. 185 000:

Kommune	Prosjekt	Sum
Nordre Sunnmøre og Vestnes Fril.råd	Diverse prosjekt	45 000
Eide	Øyarkipelet Vevang-Averøy, planl.	10 000
Fræna	Skaret, planlegging	10 000
Molde	Skaret, planlegging	10 000
Møre og Romsd. Fylkeskomm. planavd.	"Den grønne korridor", planlegging	20 000
Sykkylven	Haugneset, opparbeiding	12 000
Hareid	Teigebakkane	9 000
Kristiansund	Vanndamman	15 000
Aukra	Røssøyvågen	10 000
Fræna	Trollkirka	20 000
Rauma	Skorgedalen	19 000
Molde	Undersøking av friområde v/sjøen	5 000
Ialt kroner		185 000

Tabell 7.4 Heil dekning av utgiftene til merking, oppsyn m.v. i verna område, postane 01.2 og 11.6, tilstått kr. 159 000:

Lønn oppsynsmenn	62 235
Lønn engasjert personell	34 500
Varer og tenester	50 888
Sosiale utgifter	8 047
Ialt kroner	155 670

Tabell 7.5 Dekning av utgifter til sakkyndig hjelp med dei fylkesvise verneplanane, post 21, tilstått kr. 180 000:

Lønn engasjert personell	96 362
Reiser	26 837
Universitetet i Trondheim	34 284
Sosiale utgifter m/feriepenger	22 593
Ialt kroner	180 076

Tabell 7.6 Heil dekning av utgiftene med kjøp av regionale friluftsområde, post 30, tilstått kr. 284 000:

<u>Kommune</u>	<u>Prosjekt</u>	<u>Sum</u>
Aukra	Kobbevika/Saltrøa	234 000
Hareid	Overåsanden	50 000

Ingen av disse prosjekta er sluttført pr. 31.12.85

Tabell 7.7 Tilskot til dekning av utgiftene ved kjøp av lokale friluftsområde, post 60, tilstått kr. 90 000:

<u>Kommune</u>	<u>Prosjekt</u>	<u>Sum</u>
Rindal	Igeltjønna	40 000
Stranda	Øvre Moa	50 000

Av disse prosjekta er kjøpet av Igeltjønna sluttført i 1985.

7.7 Fylkesfriluftsnemnda

Miljøvernavdelinga fungerer fortsatt som sekretariat for Fylkesfriluftsnemnda. Som kjent arbeider Miljøverndepartementet med ei stortingsmelding om den framtidige friluftslivspolitikken i den offentlege sektor, men det er fortsatt uklart om nemda skal først attende til fylkeskommunen eller bli ved fylkesmannsembedet. Den noko usikre situasjonen når det gjeld nemnda sin funksjon, både når det gjeld saksområde og administrativ plassering, har ført til ein uheldig arbeidssituasjon. Det gjeld både dei folkevalgte og sekretariatet.

I 1985 vart det halde 11 møte. Fire av desse gjekk over to dagar slik at det ialt gjekk med 15 dagar. I tillegg er det gjennomført mange synfaringar der ein eller to representantar frå nemnda deltok, gjerne lokalkjente, saman med tilsette i miljøvernavdelinga.

I 1985 vart ialt 448 saker handsama i fylkesfriluftsnemnda. Desse fordelte seg på ulike sakstypar på følgjande måte:

	<u>1984</u>	<u>1985</u>
Strandplanlovsaker	299	217
Plansaker etter bygningsloven	102	135
Kraftverk/kraftliner	2	7
Tilskotssaker (91 - 101 søknader)	3	3
Vegar	10	9
Naturvernsaker	7	0
Massetak og andre større naturinngrep	3	0
<u>Andre saker</u>	<u>89</u>	<u>77</u>
Ialt	515	448

Sekretariatfunksjonen krev ein arbeidsinnsats på ca. 14 månadsverk av dei tilsette ved Miljøvernavdelinga.

Fylkeskommunen har til denne tid hjelpt til med maskinskriving av saksdokument, for det meste utskrifter av nemda si møtebok. Dette representerer ein innsats på bortimot eit halvt årsverk. Ved fylkesmannsembedet er skrivekapasiteten ein trong flaskehals, og slik assistanse frå fylkeskommunen er derfor nødvendig om sekretariatet skal fungere.

8. FISK

På samme måte som i 1984 har verksemda vore sterkt prega av dei spesielle tilhøva ein har innan forvaltninga av ferskvassfisk i Møre og Romsdal. Den negative utviklinga i produksjon og fangst av laks har fortsett. Dette har sikkert fleire årsaker, men av dei viktigaste er den harde beskattinga av fylkets fiskebestander, og det at lakseparasitten *Gyrodactylus salaris* no finst i ei rekkje av dei mest verdfulle lakseelvane i fylket. Oppfiska kvantum av laks i elvane er under det halve av kva det var for 10 år sidan.

Det meste av arbeidsinnsatsen har gått med til utgreingar, granskingar, bearbeiding av data og innsamla biologisk materiale, møter og annan informasjonsverksemd i samband med dei særlege reguleringane ein har hatt i fisket etter laks og sjøaure i 1984 og 1985. Vidare er mykje arbeidstid gått med i samband med kartlegging av utbreiinga av lakseparasitten *G. salaris* og dei skadene denne medfører.

Fiskerikonsulenten har teke del i ei rekkje synfaringar, møter og kurs av ymse slag innan fagfeltet. Ved mange høve er det halde faglege foredrag og innlegg.

Også i 1985 har det diverre blitt registrert to nye vassdrag som har fått lakseparasitten *G. salaris*. I fylket er no parasitten påvist i 18 lokalitetar, og av desse er 17 lakseførande vassdrag. I Noreg er parasitten no funnen på 28 stader. Berre i vårt fylke representerte skadene av denne parasitten i 1984 eit fangsttap på ca. 100 tonn.

I samband med dei særlege reguleringane i fisket etter laks og sjøaure ein har hatt i Møre og Romsdal i 1984 - 85, har ein person vore engasjert i arbeidet med dei ulike tiltak som vart sett i verk for mest mogeleg å kunne få ei oversikt over beskattinga av denne ressursen. I tillegg skulle ein gjere forsøk på å få eit mål for effekten av dei ymse tiltaka.

Av saker som fylkesmannen er delegert mynde til å fatte vedtak i er det tilsaman innvilga stamfiskeløyver for 24 vassdrag. Det totale antal stamfiskeløyver som er innvilga er 30. Det er gjeve løyve til fangst av 1750 stamfisk fordelt på 1280 laks og 470 aure. Resultatet av stamfisket syner at berre 660 laks og 92 aure vart fanga til kultiveringsformål. Berre 51% av innvilga fangstkvote av laks og 20% av innvilga fangstkvote av aure vart altså fanga. Årsaka til dette dårlege resultatet er at fangsttilhøva i nokre høve var sær vanskelege, men i dei fleste tilfelle er nok årsaka at det i elvane er lite fisk å fange på. Eit døme på dette er stamfisket i Driva som i år vart totalt mislukka trass i stor innsats. Resultatet er diverre at Nordmøre laksestyre sitt klekkeri, som i 1984 vart oppussa og modernisert, no ikkje vert nytta. I 1985 er det vidare gjeve 5 løyve for prøvefiske i ferskvatn, og 2 fiskeløyve til enkeltpersonar. Frå Direktoratet for naturforvaltning si side er det tilsaman gjeve 15 fiskeløyve til enkeltpersonar i vårt fylke.

Det er behandla ei rekkje saker som omhandlar ulike former for inngrep i vassdrag. Døme på slike inngrep er senking, kanalisering, forbygging, utfyllingar, uttak av vatn til ymse formål osv. Også i 1985 har desse sakene vore tilgodesett med ei særleg merksemd. I dei fleste av desse sakene har det vore nausynt med synfaring før ein har kunne gjeve uttale.

Frå ansvarleg hald har ein no teke konsekvensane av ulike former for inngrep i vatn og vassdrag alvorleg. I Møre og Romsdal er ei lang rekkje vassdrag tilført store skader som ei fylgje av slike inngrep, og det foreligg konkrete planer for ulike nye inngrep i vassdraga. Diverre er det framleis ikkje teke omsyn til at dei ulike tiltaka, dersom dei skal settast ut i livet, blir gjennomførte på ein slik måte at dei gjer minst mogeleg skade sett frå eit landskapsmessig og biologisk synspunkt. Dette er spørsmål som fylkesmannen er særleg oppteken av, og det er i den samanhang no gledeleg at det vart satt igang eit "Biotopjusteringsprosjekt" som har som mål å finne ut kva for tiltak ein kan gjere for å betre tilhøva, og korleis desse tiltaka skal utførast. To vassdrag i Møre og Romsdal er valgt ut som lokaliteter for slik forskning, Hareidselva i Hareid kommune og Sjøya i Surnadal kommune. Det har vore teke del i fleire synfaringar i samband med valg av desse lokalitetane, og fiskerikonsulenten er med i ei gruppe som skal utforme dei einiskilde forskingsopplegga.

8.1 Ressurs og biotopkartlegging

Etter offentleg statistikk har fylket tilsaman 22130 vatn når smått og stort er medrekna. Dette utgjer eit vassdekt areal på ca 508 km². Berre frå eit fåtal av desse vatna ligg det føre kunnskap om dei fiskeribiologiske tilhøva.

I fylket er det registrert ca. 60 vassdrag som fører laks og sjøaure. Det egentlege talet er sannsynlegvis meir enn det dobbelte.

Direktoratet for naturforvaltning sin målsetting er og gjeldande for forvaltninga på fylkesplan. Punkt 1 og 2 i målsettinga, som omfattar vern av livsgrunlaget til våre ferskvassfiskeartar og det å sikre den naturlege artsrikdomen av ferskvassfisk, skal vere prioriterte oppgåver. Ein føresetnad for oppfylling av desse punkta i målsettinga er at ein kjenner til den geografiske utbreiinga til desse artane, samt at ein har ei oversikt over deira livsgrunnlag. I Møre og Romsdal er kunnskapen på desse områda sers mangelfull, og det er stor trong for å kome i gang med eit slikt registreringsarbeid. Til no har arbeidssituasjonen og bemanninga diverre ikkje gjeve høve til slikt arbeid.

8.2 Innlandsfisk/Innlandsfiske

I 1985 er ei rekkje vatn undersøkte med omsyn til hydrografi og vatnet sin fiskebestand. Det mest omfattande arbeidet på dette området har vore gjennomført i Sunndal kommune i regi av Sunndal fjellstyre og Sunndal innlandsfiskenemnd. Ein har diverre ikkje funne å kunne prioritere ei deltaking i denne type arbeid, men det har vore gjeve informasjon til dei som har ynskt å gjere slikt arbeid. I ei rekkje tilfeller har det vore utlånt garn og anna naudsynt utstyr.

Vidare er det gjeve lovnad om hjelp til bearbeiding og tolking av dei

innsamla data. Dette arbeidet er no med engasjert hjelp dels starta opp.

8.3 Blanda vassdrag

Fiskereglane for vassdrag som er laks og sjøaureførande i parti av vassdrag kor det og er interesse for eit fiske etter innlandsfisk (blanda vassdrag), er forskjellige på Nordmøre samanlikna med dei reglane som gjeld for Sunnmøre og Romsdal. Dette har historiske årsaker og gjenspeiler ikkje andre tilhøve på Nordmøre i forhold til resten av fylket. Ein slik forskjell i reglane er av mange partar og ut ifrå mange omsyn uheldig. Frå Direktoratet for naturforvaltning er det gjeve uttrykk for at ein ynskjer ei opprydding i dette tilhøvet. Ein har til no ikkje funne å kunne prioritere dette arbeidet.

8.4 Laks- og sjøaureførande vassdrag

Den samla årlege fangst av laks i elvane i fylket er meir enn halvert (i vekt) i løpet av dei siste 10 åra. Dette trass i at statistikkgrunnlaget stadig har blitt betre. I same periode er fangstane (i vekt) av sjøaure i vassdraga gått opp. Opplysningar som vi får ved henvendingar og frå massemedia fortel om at gjennomsnittsstorleiken på laksen har minka, og det kjem vidare ofte påstander om at lakseoppgangen i elvane er seinare no enn for nokre år sidan. Dersom dette er tilfelle er det urovekkjande. Berre i eit fåtal vassdrag har ein registrert at forureining har hatt ein negativ innverknad på fiskeproduksjon og fiske i vassdrag. I einsskilde høve har det likevel vore registrert forureining av ein slik grad at det har medført lokal fiskedød. Det er gjeve uttale til planer om etablering av ei freda sone i elva ved fisketrapp i Storelva (Strandaelva - Stranda kommune) og i Ba-elva (Averøy kommune).

8.5 Gassovermetta avløpsvatn frå kraftverk

Det er registrert eit nytt tilfelle av gassovermetting frå vasskraftverk, nemleg frå Sykkylven kommunale kraftverk sin kraftstasjon i Riks heimselva. Det er no tre slike lokaliteter i fylket kor gassovermetting av avløpsvatnet frå kraftverk kan førekome. Problemkomplekset er teke opp på generelt grunnlag med Direktoratet for naturforvaltning ut ifrå mistanke om at dette kan vere eit større miljøproblem enn ein til no har vore klar over. Det er etter vår meining trong for ei nærare granskning av ei rekkje kraftverk for å få kartlagt omfanget av gassovermetting og samstundes få klarlagt om det er noko ein kan gjere for å redusere risikoen for at slike lokale forgiftingar av det akvatiske miljøet oppstår.

8.6 Lakseparasitten Gyrodactylus salaris

Også i 1985 vart det registrert to nye vassdrag som er infiserte av lakseparasitten *G. salaris*, nemleg Måna (Rauma kommune) og Korsbrekke-elva (Stranda kommune). Siste gong desse to elvane vart undersøkte, og funne parasittfrie, var henholdsvis i 1983 og i 1981. Ein kan difor sikkert seie at parasitten har spreidd seg til desse to elvane etter

den tid. Med dei nye registreringane i 1984 og i 1985, og med dei ressursane som har vore stilt til disposisjon for oppfølging av dette problemkomplekset, har vi ikkje, og har vi heller ikkje vore i stand til, å ha kontroll med situasjonen.

Tilsaman er det no 18 lokalitetar i fylket kor denne parasitten førekjem eller har forekome. I landet totalt er det funne 28 slike lokalitetar.

Resultatet av parasittangrepet i elvane her i fylket har, i så nær som ei elv, synt at produksjonen av lakseungar så godt som opphøyrer. Så langt ein kjenner til er det berre lakseungane som vert angrepne av denne parasitten. Dette vil ha som resultat at få år etter at parasitten er komen til eit vassdrag vil det oppfiska kvantum av laks i elva vil sterkt attende.

Batnfjordselva er den av dei G. salaris-infiserte vassdraga her i landet som har synt seg å ha eit noko anna sjukdomsbilete. Mens omtrent alle lakseungane, og da serleg dei som er eit til tre år gamle, døyr ut i dei andre infiserte elvane, så overlever eit forbausande høgt tal av eldre lakseungar i Batnfjordselva. Kva som er årsaka til dette er ikkje kjend. Hausten 1984 var det meininga å gjere ein utryddingsaksjon med tanke på denne lakseparasitten i Batnfjordselva, men på grunn av dei observasjonane som vart gjort, vart det vedteke å utsetje desinfiseringa til ein hadde fått nærare greie på kva årsakene til dette var. Med ca. ein månads mellomrom har det i heile 1985 vore innsamla prøver av fisken i Batnfjordselva og sendt til gransking på Universitetet i Oslo. Ei rekkje av gangane har det vore sendt levande materiale. Ved alle prøvetakingane i 1985 har det synt seg at denne elva fortsatt skil seg frå det ein no kjenner som ei naturleg sjukdomsutvikling i ei elv infisert av denne parasitten. Etter det ein kjenner til er det fortsatt meininga at Batnfjordselva skal vere ein forskningslokalitet, og det er planer om å utvide denne aktiviteten.

Direktoratet for naturforvaltning arbeider med ei handlingsplan som har som mål å utrydde G. salaris frå våre lakseelvar. Ein slik aksjon vil innebere ei rekkje tiltak som stenging av fisketrappar, bygging av fiskesperrer i enkelte elver og rotenonbehandling. Det er høgst sannsynleg at eit par av dei elvane kor det først vil bli nytta rotenon ligg i vårt fylke.

Frå Direktoratet for naturforvaltning vart det i 1985 gjeve kr 40.000 til å følgje opp problema med G. salaris i Møre og Romsdal. Med det omfanget parasittproblemet har fått i vårt fylke, seier det seg sjølv at dette på langt nær er nok til å oppretthalde ein forsvarleg minsteaktivitet i forvaltninga av dette problemkomplekset.

For å kartlegge utviklinga i fiskebestandane i dei infiserte vassdraga, og for å granske om parasitten etterkvart spreier seg til nye lokalitetar, har det i 1985 vore teke prøver frå ialt 59 elvar her i fylket. Tilsaman er 88 prøver innsamla og bearbeidd. Sjølv om ein til ein viss grad har hatt engasjert hjelp til dette arbeidet, har aktiviteten på dette området gått utover av andre viktige oppgåver. Til dømes ligg ein no diverre langt etter med vanleg sakshandsaming.

8.7 Særlege reguleringar i fisket etter laks og sjøaure

I 1984 og 1985 har det vore gjennomført særlege reguleringar i fisket etter laks og sjøaure i Møre og Romsdal. Fylkesmannen er av Direktoratet for naturforvaltning bede om å stå for den praktiske gjennomføringa av ulike tiltak for oppfølging som ein i samråd vart samde om å gjennomføre:

-merking/gjenfangstforsøk av laks:

Dette tiltaket vart berre gjennomført i 1984. Det var meininga å gjere dette forsøket begge åra, men resultatane frå 1984 var ganske eintydige. Dessutan var det i 1985 mangel på midler til naudsynt kjøp av tenester i denne samanheng.

-statistikk for fastståande reiskap:

Det vart også i år sendt ut fangstdagbøker for frivillig føring av fangst til alle som var registrerte fiskarar med fastståande reiskap, tilsaman 533 personer. Ialt har 325 sendt inn utfylt fangstdagbok til Statistisk sentralbyrå. Dette er ein svarprosent på ca. 60 %. Materialet blir no vidare behandla av Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

-statistikk for elvane Surna, Rauma, Eira, Ørstaelva og Kilselva:

Det har vore registrert fangst i desse elvene nær opp til det nivå ein på førehand ønskte seg. Materialet er no under behandling.

-garnskadegranskingar i elvane Surna, Rauma og Ørstaelva:

Registreringane har blitt gjennomførte som ein ønskte. Kvar registrering er godtgjort med eit mindre beløp. Materialet er under behandling.

-statistikk for dorgefiske etter laks og sjøaure:

Det har lukkast å kome i kontakt med omlag 100 personer som i ei viss utstrekning driv dorgefiske etter laks og sjøaure som hobby. Statistisk sentralbyrå har totalt motteke 40 fangstdagbøker. Materialet er under analyse. Det ein allereie no kan seie er at den gruppa av dorgefiskarar som har sendt inn fangstdagbok har tilsaman dorga i 2868 timer og fanga 190 laksar (341kg) og 665 sjøaurar (678 kg). Materialet blir no vidare behandla av Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

-registrering av gyteaktivitet i Surna, Eira og Rauma:

Flyregistreringar av desse elvaene vart ikkje gjennomført på grunn av ugunstige vertilhøve. Registreringane i Eira ved synfaring i sjølve elva er gjennomført. Samtlege gytegroper av laks og sjøaure er registrert og kartfesta. Det er utarbeidd rapport for denne registreringa.

-prøvefiske med makrellgarn og laksegarn på Sunnmøre:

Prosjektet vart også i 1985 gjennomført på ein tilfredsstillande måte og med sær stor innsats og interesse frå dei delaktige. Prosjektet har gjeve sær nyttig informasjon om effektiviteten desse reiskapa har i fangst av laks og sjøaure. Resultata er bearbeidd og ligg føre i ein eigen rapport.

Frå prosjektet "Særlege reguleringer i fisket etter laks og sjøaure i Møre og Romsdal 1984-85" føreligg det til no følgjande rapportar utgjevne av Fylkesmannen i Møre og Romsdal:

RAPPORT: Særlege reguleringer av laksefisket i Møre og Romsdal i 1984 og 1985. Erfaringer av reguleringene i 1984.

RAPPORT: Prøvefiske med kavelflytende garn, makrellgarn og laksegarn, med maskestørrelser henholdsvis 37 - 45 mm og 58 mm, i Møre og Romsdal 1984.

RAPPORT: Prøvefiske med kavelflytende makrellgarn og laksegarn i Møre og Romsdal 1985.

9. VILT

9.1 Viltorgana

I den løpande viltforvaltninga har viltnemndene ein svært viktig funksjon med å ta seg av oppgåver lokalt. Fellesmøtet for viltnemndene vart avvikla i august med svært godt frammmøte. I tillegg har det vore halde to regionvise møte for viltnemndene der forvaltninga av hjort var hovudtema.

Arbeidsutvalet for viltnemndene har hatt to møte. Utvalet har m.a. kome med eit utspel overfor Direktoratet for naturforvaltning om å treffe tiltak for å kome tillivs den uheldige utviklinga ein ser med hjortejakt seint om kvelden eller enda nattes tid. Dette er svært ofte i strid med kravet til human jaktutøving, og kunstig lys som gjerne òg blir nytta er forbode i seg sjølv. Arbeidsutvalet kan tenkje seg ei ordning der viltnemndene vert gitt høve til å innføre kommunevise forbod mot storviltjakt etter eit visst klokkeslett i periodar og område der ein ser trong for dette.

Elles tok arbeidsutvalet initiativ til å lage ei felles kunngjering av søknadsfristar m.m. i samband med storviltjakta for å slippe dei mange enkeltannonsane som mange viltnemnder kvar for seg har hatt i dei same avisene. Det vart òg gjort eit utspel i form av ein resolusjon overfor styremaktene med krav om møtegodtgjerdslø og tapt arbeidsforteneste for viltnemndverv. Resolusjonen vart einstemmig vedteken på fellesmøtet.

9.2 Vern av viltet og viltet sine leveområde

Arbeidet med å ivareta viltinteressene i plansaker har vore vanskeleg p.g.a dårleg og forelda viltbiotopkartverk. Prosjektet som starta opp i 1984 med å lage eit nytt kartverk har vore ført vidare, og i løpet av året vart arbeidet med datainnsamlinga på det næraste slutført. Dette materialet vil bli ein svært viktig reiskap framover for å oppfylle intensjonane i viltlova om å ta vare på viktige leveområde for vilt.

I løpet av året har kartverket allereie vore nytta i samband med fleire regulerings- og generalplansaker, kraftutbyggingssaker o.l.

9.3 Skadegjerande vilt

Med unntak av ulv har fylket førekomst av alle dei fire store rovdyra. Skadeproblem av nemndande omfang er etter det ein kjenner til berre knytta til jerven i Snøhettaområdet, som har ført til tap av sau i Sunndal og Nesset. Elles er det sannsynleggjort at bjørn har teke sau og storfe i Norddal. Bjørnestammen som tidlegare er konstatert på Nordmøre har etter det ein veit ikkje eksponert seg i 1985.

Rongjørn er jamnt utbreidd over fylket og til dels i tett bestand. Det kjem ofte påstandar om at ørn tek småfe, men nærare undersøkingar viser

som regel at dette bygger på feiloppfatningar. I alt tre søknader om fellingsløyve på kongeørn er avslått i løpet av året.

I eit beiteområde i Ørsta med store tap tidlegare og påståtte ørne-skader, vart det frå avdelinga drive spreidde undersøkingar i beitesesongen, utan at det var mogleg å påvise eller sannsynleggjere problem med ørn.

Fleire kommunar har skotpremieordningar for jaktbart rovvilt. Desse krev godkjenning av fylkesmannen som i 1985 har godkjent 4 kommunale skotpremiar på villmink, 3 på raudrev og 1 på kråke og gaupe.

9.4 Hjorteviltforvaltninga

Bestanden av hjort har vist ein kraftig auke sidan midten av 70-talet. I 1985 vart det såleis felt noko i underkant av 3400 dyr, medan det for ti år sidan berre vart skote knappe 1000 hjort. Den direkte årsaka til bestandsveksten er at det årleg vert fødd fleire kalvar enn det som jakt og andre dødsårsaker tek ut av bestanden. Grovt sett er det grunn til å rekne med at jaktuttaket er berre halvparten av det som krevst for å stabilisere bestanden. Men her er det sjølvsagt store variasjonar lokalt.

Av dei meir attaforliggende årsakene til bestandsauken er det grunn til å nemne at bortfall av husdyrbeiting i utmark har gjeve hjorten langt betre mattilbod, særleg vinters tid. Driftsformene i skogbruket har òg delvis verka i positiv lei ved at flatehogst gir auka tilgang på vinternæring, og tette plantefelt skaffar dyra skjul. Sprøyting av lauvkratt og store, samanhengande granskogar er likevel sterke negative trekk for hjorten. Elles er det grunn til å peike på at vintrane dei siste åra har vore akseptable for hjorteviltet. Forvaltingsopplegget, der ein tek sikte på å styre avskytinga slik at bestanden gir høgst mogleg avkastning, er òg viktig for å forklare auken.

Veksten i bestanden har ført til aukande skadepress på jord- og skogbruk. For jaktåret 1983/84 vart det her i fylket utbetalt kr 114.250,- i viltskadeerstatning for hjort av eit skadekrav på kr 206.333,-. I tillegg har det vore ein del skade på skog som det ikkje blir gitt erstatning for.

Ein annan følgje av bestandsauken er at mange vinterbeiteområde tek til å bli urovekkande nedbeita. I tillegg til at dette fører til skade på skogen, gir det òg signal om at hjorten kan få vanskar med å klare seg i ein hard snøvinter.

I eit forsøk på å stabilisere bestanden og redusere dyretalet i ein del sterkt utarma vinterbeiteområde, vart det innvilga ein ekstra seinjaktperiode i Tingvoll, Sunndal og gamle Stangvik kommune i Surnadal. Denne jaktperioden vart lagt til tidsrommet 30. november - 15. desember. Ver- og jakttilhøva i denne perioden var gode, og det vart felt 117 dyr.

Dei seinare åra har fordelinga på alder og kjønn i jaktuttaket vore god med tanke på å forme bestanden slik at han gir mest mogleg att i jaktutbytte for medgått vinterbeite. I 1985 viser imidlertid tala at det i fleire kommunar har vore felt vesentleg høgare andel produktive koller enn før. I den ekstraordinære seinjaktperioden vart det såleis felt mange hodyr, noko som var rett med tanke på problemet ein ville løyse. Likevel bør ein generelt prøve å stabilisere eller redusere

bestanden ved å auke jaktuttaket utan å skiple strukturen eller kjønns- og alderssamansettinga i stammen.

I fylket er det ni kommunar som har jakt på elg. Fellingsresultatet for 1985 er det høgste i dette århundre med 111 dyr. Av desse var 30% kalv og 10% eldre kyr. Streifdyr av elg dukkar stadig opp i nye område, og viser at arten er i ekspansjon i fylket.

Møre og Romsdal er mellom dei største rådyrfylka i landet, og i 1984 vart det felt 1030 dyr etter oppgaver frå viltneemdene. Statistikken for 1985 er ikkje klar, men dei rapportane som foreligg, viser ein auke frå året før. Arten er enno berre sporadisk utbreidd på Sunnmøre, men i ekspansjon, og i åra som kjem vil det truleg kunne bli aktuelt å opne for jakt i nye kommunar. I 1985 vart det opna jakt på rådyr i Vestnes, Ørskog og Alesund kommunar.

Det har i løpet av året vore fem klagesaker til behandlig etter hjorteviltforskriftene. Elles har vi inntrykk av at viltneemdene er flinke til å løyse tvistar og klager lokalt, utan at sakene kjem til fylkesmannen for endeleg klagebehandling.

Det har vorte fastsett nytt minsteareal for jakt på hjort i Giske, Gjemnes, Halså, Sunndal og Tingvoll, for elgjakt i Surnadal og rådyrjakt i Gjemnes, Vestnes, Ørskog og Alesund.

Elles har det vore arbeidd ein del med å betre valdstrukturen for storviltjakt. Større vald lettast jakta og gir jamnt høgare fellingsprosent. Særleg i kommunane Frei, Gjemnes og Molde er mange småvald sanert, og ein har fått større driftseiningar.

Jegerprøven

I 1985 vart det arrangert frivillig jegerprøve for å teste opplegget før prøven blir obligatorisk. I løpet av prøveåret vart det utdanna 63 instruktørar som skal arrangere obligatorisk praktisk kurs for prøven. Instruktørane er i hovudsak rekruttert frå lokale jegerforeiningar, og vart utdanna i regi av Norges Jeger- og Fiskerforbund. Instruktørane er spreidd over heile fylket, men det er likevel store hol i dekninga som må fyllast etter kvart.

Teorieksamen for jegerprøven har i 1985 vorte arrangert av fylkesmannen i kommunane Vanylven, Rauma, Molde, Surnadal, Rindal, og på Statfjord A plattformar. I alt gjekk 52 kandidatar opp til eksamen. Obligatorisk praktisk kurs har i prøveåret vore arrangert av Studieforbundet natur og miljø vel lokale jegerforeiningar i kommunane Vanylven, Rauma, Surnadal og Rindal med i alt 36 deltakarar.

Frå 1. april 1986 blir jegerregisteret stengt, og det vert etter denne dato ikkje høve til å kome inn i registeret ved å løyse jegeravgift på blankettar som har vore utlagt på postkontora.

Pr 1. april 1985 var det 10.137 personar med i jegerregisteret frå Møre og Romsdal, mot knapt 8.000 året før. Den kraftige auken kan mest sannsynleg forklarast ved at mange har nytta høvet til å betale jegeravgift og kome inn i jegerregisteret før dette blir stengt. Av den registrerte jegermassen er det 92 kvinner.

Viltfondet

For 1985 fekk Møre og Romsdal kr 200.000,- frå viltfondet for drift av viltnemndene. Av dette gjekk knapt kr 46.000,- til formannsgodtgjersle, kr 105.000,- til administrasjon og reiser og kr 23.000,- til ulike tiltak der oppsyn og kontroll i samband med storviltjakta har teke største delen. Resten er nytta til fellesmøte og ulike andre fellestiltak.

Elles fekk fylket kr 245.000,- i løyving til lokale vilttiltak. Det aller meste av dette har vorte nytta til viltområdekartlegging. Vel kr 12.000 er bevilga til Fylkesutmarkslaget, lokale utmarkslag og viltnemnder til organiserings- og informasjonsverksemd. Kr 5.000,- vart løyvt til fylkesavdelinga av Norsk ornitologisk forening. Denne løyvinga skal nyttast til å samle nye og sette saman eksisterande data om hausttrekket av grågås i fylket, særleg med sikte på å finne eventuelle endringar etter at jaktstarten på Smøla vart framflytta.

Midlar frå løyvinga til lokale vilttiltak har òg vore nytta til å hjelpe Ålesund Jeger- og Sportsfiskerforening med taksering av rypebestand og planlegging av viltstelltiltak i eit terreng som foreninga eig i Stordal kommune. Elles må ein seie at det har vore liten pågang frå utmarkslag og jegerforeningar om midlar til praktiske viltstelltiltak.

Diverse saksbehandling

I løpet av 1985 har det vorte avgitt ei rekkje fråsegner i samband med høringsutspel frå Direktoratet for naturforvaltning. Dette gjeld m.a. uttale i samband med forslag til retningslinjer om felling av skadegjerande viltartar, forslag om felling av skadegjerande grågås, utkast til langtidsplan for direktoratet, fellingsstatistikk for hjortevilt, formalisering av villreintutval og uttale i samband med jegerprøven. Dette er arbeid som tek ein god del tid, men som vert vurdert å vere viktig med tanke på at lokale synspunkt og problem skal kunne påverke avgjerder i overliggande forvaltingsorgan.

10. PROSJEKT 1985

10.1 Samla Plan for forvaltning av vassdrag

Første fase i arbeidet med Samla Plan for vassdrag blei fullført tidleg i 1985, og stortingsmelding nr 63 blei lagt fram av regjeringa våren -85. Stortingsbehandlingen blei imidlertid utsatt til våren 1986. Lista over vassdraga blei delt inn i tre kategoriar der kategori I inneheld "prosjekt som alle kan konsesjonsbehandles straks og fortløpende". Desse er lista opp i tabellen nedanfor. Vassdrag i kategori II er "prosjekt som kan nyttas til kraftutbygging eller andre bruksformål", medan kategori III er "prosjekt som, som basert på de tekniske utbyggingsløsninger som hittil er vurdert, ikke anses aktuelle for kraftutbygging på grunn av meget stor konfliktgrad med andre bruker-interesser og/eller høye utbyggingskostnader".

Tabell. Utbyggingsprosjekt i Møre og Romsdal plasserte i kategori I. (Gr.1-5) (Frå stortingsmelding nr 63).

Gr	Prosjektalternativ	Kommune	Produksjon (Gwh) Midl.
2	Innfjordelva	Rauma	65
2	Grøa	Sunndal	113
3	Glutra	Rauma	32
3	Rauma D	Rauma	252
3	Reinsvatn T	Sunndal	16
3	Småvoll B	Sunndal	25
3	Botnaelv	Volda	24
3	Kilspollen/Dale	Volda	22
4	Bøvri C	Rauma/lesja	95
4	Isa	Rauma	22
4	Småvoll A	Sunndal/Oppdal	26
4	Reinsvatn	Sunndal	60
4	Dyrkorn	Stordal/Ørskog	41
4	Eidselv/Øye	Norrdal	44
4	Vatne	Ørsta/Volda	22
5	Herjevatn	Rauma	61
5	Meisal	Neset	25
5	Geiranger overf. Tafjord	Stranda	31
5	Norrdal overf. Tafjord	Norrdal	58
5	Eidselv/Øye/Eidselv	Norrdal	63
5	Amøla	Vanylven	7

Arbeidet hos miljøvernavdelinga i 1985 har vore konsentrert om utredningar for 11 nye vassdrag som det av kapasitetsgrunnar ikkje blei høve til å ta med i første omgang av Samla Plan (sjå tabell på neste side). Dette er stort sett små vassdrag som betyr lite i kraftforsyningssammenheng. Det er blitt foretatt synfaringar og vurderingar av naturverdiar og konsekvensar ved eventuell utbygging. Miljøvernavdelinga har hatt ansvaret for fagfelte naturvern, friluftsliv og vassforsyning. I tillegg har viltkonsulenten hatt ansvaret for rapportar om viltinteressene i omlag halparten av vassdraga, medan fiskeinteressene er blitt utreda av Direktoratet for naturforvaltning. Vassdragsrapportane for

desse prosjekta vil bli ferdig i 1986, og truleg vil endå 3 nye prosjekt bli tatt med.

Tabell. Nye vassdrag i Samla Plan i Møre og Romsdal 1985

Vassdrag	Kommune
Sjørdalselva	Vanylven
Norddalselv	Vanylven
Videildelva	Vanylven
Engesetelva	Skodje/Haram
Rauma/Stokkåa/Skarvåa	Rauma
Visa	Neset
Gusjåselva	Molde/Gjemnes/Neset
Bævra	Surnadal
Engelva	Halsa
Tverråa	Halsa
Bjørningelva	Aure

I tillegg til arbeidet med desse nye prosjekta, skal ein også kunne utarbeide nye prosjektskisser i vassdrag som har vore med i planen tidlegare. Det er blitt halde såkalte vekselspelmøter der utbyggingsinteressene og representantar for fagseksjonane møttest for å diskutere eventuelle nye prosjekt. Slike prosjekt har vore aktuelt i 4 vassdrag i Møre og Romsdal: Austefjordelva, Bygdaelva, Rauma og Tungeelva. Arbeidet med desse vidareføringsprosjekta er berre så vidt kome i gang, og vil fortsette i 1986.

Både dei nye prosjekta og vidareføringsalternativa er det meininga å få med i rulleringa av Samla Plan i 1987.

Miljøverndepartementet utlyste i desember -85 ei fast stilling hos fylkesmannens miljøvernavdeling til å ta seg av det vidare arbeidet med Samla Plan frå og med -86. Dette skal dermed avløyse den engasjementsordninga som er blitt nytta for leing av arbeidet i fylket i perioden 1982-85.

10.2 Konsekvensvurderingar av oljeaktivitet på Møre I

Olje- og energidepartementet bevilga i januar kr 150.000 til Fylkesmannen i Møre og Romsdal for registrering av overvintrande sjøfugl i risikoområdet for Møre 1. Feltarbeidet blei igangsatt umiddelbart, og innsatsen blei konsentrert om den ytre skjergarden der det låg føre lite opplysningar frå før.

Omlag 10 lokale ornitologar vart engasjerte, og feltarbeidet blei utført i løpet av januar og februar. Då var dei fleste ytre områda mellom Fjørtofta i sør og Veidholmen i nord blitt dekte. I tillegg blei det også utført registreringar i store område på Sunnmøre, frå Stad til Grasøyane, og dessutan rundt Erkna.

Ein stor del av feltarbeidet blei gjort med politibåten frå Nordmøre politikammer som base. Denne var utstyrt med gummibåt, som gjorde det mogeleg å kome i land på dei fleste aktuelle lokalitetane. Det blei også inngått samarbeid med kystverket som tok med observatørar ut til fyrstasjonane i samband med rutinekontrollar.

Elles blei det gjennomført to flytakseringar og ein båttur for kartlegging av sjøfugl i ope hav. Det blei nytta eit ein-motors sjøfly i dei kystnære havområda mellom Stad og Veidholmen. Båt-turen i ope hav blei utført frå ein fiskebåt der to observatørar fekk vere med ut på fiskefelta i 3 døgn.

Resultata frå takseringane blei lagt inn på EDB etter same mønster som det nasjonale sjøfuglprosjektet.

Undersøkingane ga vesentleg informasjon for vidare konsekvensvurderingar, men det gjenstår mykje registreringsarbeid, særleg av fugl i ope hav som er i ein svært utsatt situasjon ved eventuelle oljesøl.

Arbeidet med sjøfuglregistreringar fortsatte utover sommaren, då som ein del av ei større undersøking av heile kysten nordover til Lofoten. Denne undersøkinga blei leia av Direktoratet for Naturforvaltning, og Fylkesmannen i Møre og Romsdal fekk bevilga kr 111.000 til registreringar av:

- a) Spreiing av alkefugl frå koloniane på Runde, og då særleg svømme-trekke til ungene.
- b) Konsentrasjonar av fjørfellande grågås og sjøender, først og fremst ærfugl, sjøorre og siland.

Resultata frå undersøkingane er gitt ut i rapportar frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal (nr 6/85 og 9/85).

11. ADMINISTRATIVE OPPLYSNINGAR

11.1 Personale

Det var ei endring i fast personale ved miljøvernavdelinga i 1985. Dei tilsette er:

Miljøvernleiar	Odd Høgset
Fylkesingeniør	Kolbjørn Megård
Overingeniør	Per Fredrik Brun
Avd.ing.	Ivar Mork-Grevsnes
Avd.ing.	Ola Halle til 31.05.85
Avd.ing.	Ola Betten frå 05.08.85
Naturverninspektør	Harald Ørsahl
Naturvernkonsulent	Alv Ottar Folkestad
Naturvernkonsulent	Kjell Lyse
Viltkonsulent	Asbjørn Børset
Fiskerikonsulent	Trond Haukebø

Førstesekretær Aase Hegnes arbeider og full tid i avdelinga. Hennar løn er betalt av Møre og Romsdal fylkeskommune som er hennar formelle arbeidsgjevar. Fylkeskommunen får løna refundert av Miljøverndepartementet.

Kontorpersonalet til avdelinga er:

Adm.sekretær	Oddveig Windstad
Kontorfullm.	Aslaug Magerøy Grimstad

Dei er løna over Justisdepartementet sitt budsjett.

I 1984 hadde avdelinga i alt 57,5 månadsverk (4,8 årsverk) med ekstra-hjelp.

Totalt vart det i miljøvernavdelinga lagt ned 17,8 årsverk i 1985.

11.2 Rekneskap 1985

I 1985 har løyvingane over kap 1406 i statsbudsjettet vorte brukt slik:

01.1	Løn til faste medarbeidarar	kr 1.692.000
01.2	Løn til ekstrahjelp	" 113.000
	Samla løn	kr 1.805.000
11.1	Maskiner, inventar, utstyr	kr 257.000
11.2	Forbruksmateriell	" 0
11.3	Reiser	" 310.000
11.4	Kontortenester	" 0
11.5	Analysekostnader	" 4.000
11.6	Konsulentbistand	" 17.000
11.7	Drift av maskiner	" 1.000
11.9	Drift av bygningar, husleie	" 0
	Samla varer og tenester	Kr 589.000

I tillegg har miljøvernavdelinga i 1985 fått overført desse pengane for ymse prosjekt og sær oppgaver:

Dato	Frå	Formål	Beløp
07.01.85	Olje- og Energi- departementet	Vinteropphald sjøfugl	Kr 150.000
06.02.85	Direktoratet for naturforvaltning	Viltområdekartlegging	" 245.000
11.02.85	Direktoratet for naturforvaltning	Viltneemndenes utgifter	" 200.000
22.02.85	Direktoratet for naturforvaltning	Jegerprøveeksamen	" 9.000
16.10.85	Direktoratet for naturforvaltning	Jegerprøveeksamen	" 3.000
20.03.85	Direktoratet for naturforvaltning	Gyrodactylusovervaking	" 40.000
26.03.85	Direktoratet for naturforvaltning	Hekkedata smålom/storlom	" 5.000
18.04.85	Direktoratet for naturforvaltning	Særlege reguleringar av laksefisket	" 150.000
24.05.85	Miljøverndep.	Spesielle driftsutg. Samlet Plan	" 60.000
20.05.85	Direktoratet for naturforvaltning	Forebyggende tiltak mot viltskader	" 10.000
28.06.85	Miljøverndep.	Spesielle driftsutg. Samlet Plan	" 300.000
22.08.85	Direktoratet for naturforvaltning	Ettersøking skadet vilt	" 22.630
12.11.85	Direktoratet for naturforvaltning	Sjøfuglundersøkingar	" 110.000
29.03.85	Statens Forurens.- tilsyn	Overvaking vassdrag og fjordar	" 230.000
			<u>kr 1.534.630</u>

Beløpet er brukt slik:

Løn/honorar til engasjert personale:	kr	508.630
Reiser	"	226.000
Varer og tenester	"	<u>800.000</u>
	kr	1.534.630

Løyvingane over kap 1422 i statsbudsjettet er brukt slik:

01.2 Løn oppsynsteneste	kr	92.000
11.6 Varer og tenester: grensemerking, oppsyn, diverse	kr	63.000

Registrering av verneområder:

21.1 Løn	kr	119.000
21.2 Varer og tenester	"	<u>61.000</u>
	kr	180.000
31.1 Opparbeiding og skjøtsel naturverneområder	"	172.000
31.2 Opparbeiding friluftsområder	"	310.000
60 Tilskudd til planlegging og opparbeiding av friluftsområder	"	185.000

Samandrag:

Kap 1406	kr	2.394.000
Overføringer	"	1.534.630
Kap 1422	"	<u>1.002.000</u>
	kr	<u>4.930.630</u>

12. ARSMELDING 1985 FYLKESKARTKONTORET I MØRE OG ROMSDAL

12.1 Organisasjon

På fylkesnivå er forvaltings- og samordningsoppgåvene lagt til dei statlege fylkeskartkontora som vart skipa som ein ytre etat under Miljøverndepartementet pr. 1. januar 1977.

Frå 1.10.82 vart fylkeskartkontoret langt inn under fylkesmanns-embetet som ein del av miljøvernavdelinga.

Fylkeskartkontoret har fagansvar for kart, oppmåling og geodata. Fagleg er kontoret tilknytta Norges Geografiske Oppmåling, Norges Sjøkartverk og Statistisk Sentralbyrå.

Arbeidet med økonomisk kartverk, delingslova og GAB føreset elles eit nært samarbeid med fylkeskommunen, kommunale og statlege etatar på fylkesnivå.

12.2 Personell

Kontoret har desse fast tilsette	Tilsett frå
Fylkeskartsjef Olav Eines	24.01.83
Overing. Kjartan Moen	01.04.77
Overing. Henning Austigard	01.04.77
Overing. Lars Staurset	01.01.80
Avd.ing. Kjell Sylte (permisjon)	23.08.82
Adm.sekr. Tone Farstad 1/2 st.	01.04.77
Adm.sekr. Oddbjørg Sporsheim 1/2 st.	01.01.82
Adm.sekr. Liv M. Eide	01.04.83
Teknikar Marjun Danielsen	01.08.85
Teknikar Ingegerd Larsen (slutta 01.07.85)	
Tekn.ass Anne Grete Drågen	01.01.86
Tekn.ass. Marjun Danielsen (overg. til tekn)	01.04.84
Stillingar på overgangsstatus:	
Ingeniør Alf E. Meisingset	01.06.77
Vikar for Kjell Sylte:	
Avd.ing. Arne Jan Steen	01.04.85
Korttidsengasjerte/time:	
Tone Helen Rørseth	
Kåre Magne Holsbøvåg	

Avdelingsingeniør Kjell Sylte har permisjon frå 01.03.85 - 01.03.86.

Teknikar Ingegerd Larsen slutta 01.07.85.

Teknisk assistent Marjun Danielsen vart tilsett i stillinga frå 01.08.85.

Anne Grete Drågen vart frå 01.01.86 tilsett som teknisk assistent etter Marjun Danielsen.

12.3 Kartnemnd/Kartutval

Fylkeskommunen sitt plan- og miljøutval fungerer som kartnemnd. Det faglege kartutvalet er samansett av medlemmar frå dei største kartbrukarane fylket, og ein representant frå kommunane, (oppnemnt av fylkeskretsen i NKS).

12.4 Kontorlokaler

Fylkeskartkontoret flytta inn i nye lokaler i fylkeshusa den 23. april 1985. Vi har no kontor i samme etasje som fylkesmannen. Dei nye kontora er av god kvalitet og tilfredsstillar fullt ut vårt behov.

12.5 Budsjett og rekneskap

Utskrift av rekneskapet, budsjettoversyn, rammer og endringar følgjer på neste side.

BUDSJETTRAMMER OG ENDRINGAR
FKK MØRE OG ROMSDAL

Kap: 1452

P	UP	UUP	Beløp		Dato	Merknad
01			1 735 000.00	R	240185	
01			89 000.00	E	161285	TILLEGG 1985 TLF. M-DEP NOV.
01	1		1 170 000.00	R	240185	
01	1	1	1 165 000.00	R	240185	
01	1	3		E	240185	
01	1	5	3 000.00	R	240185	
01	1	8	2 000.00	R	240185	
01	2		177 000.00	R	240185	
01	2	2		R	240185	
01	2	5		R	240185	
01	2	8		R	240185	
01	5		16 000.00	R	240185	
01	6		121 000.00	R	240185	
01	8		251 000.00	R	240185	
11			2 943 000.00	R	010285	
11	1		50 000.00	R	240185	
11	1	1		R	240185	
11	1	2		R	240185	
11	2			R	240185	
11	2		65 000.00	R	240185	
11	2	1	31 000.00	R	240185	
11	2	2	34 000.00	R	240185	
11	2	2	13 187.78	E	031285	REF AV UTG TIL SIGNMATR. NGO
11	2	9		R	240185	
11	3		208 000.00	R	240185	SJA POST 54
11	3		12 000.00	E	280185	BREV AV 23.01.85 FRA M-DEP.
11	3	1		R	240185	
11	3	3		R	240185	
11	3	8		R	240185	
11	3	9		R	240185	
11	4		357 000.00	R	240185	
11	4	1		R	240185	
11	4	2	227 000.00	R	240185	
11	4	4		R	240185	
11	4	6		R	240185	
11	4	7		R	240185	
11	4	7		R	240185	
11	4	8		R	240185	
11	4	9		R	240185	

BUDSJETTRAMMER OG ENDRINGAR
FKK MØRE OG RØMSDAL

Kap: 1452

P	UP	UUP	Beløp		Dato	Merknad
11	5		1 719 000.00	R	010285	
11	5		17 500.00	E	081085	TILLEGGSTILD. STIPENDMIDL.
11	5		30 000.00	E	030685	EKSTRA PGA FLYTTING
11	5		101 000.00	E	180685	TILLEGGSTILD. MOMS PA GAB
11	5		16 400.00	E	261185	TILLEGGSTILDELING DEKN.AV
11	5	1	1 040 000.00	R	010285	
11	5	2		R	240185	
11	5	2		R	240185	
11	5	J		R	240185	
11	5	4	117 000.00	R	240185	ØYREMERKT TIL NAMNING
11	5	5	507 000.00	R	240185	
11	5	6		R	240185	
11	5	7	55 000.00	R	240185	
11	5	9		R	240185	
11	7		0.00	R	280885	
11	9		544 000.00	R	240185	
11	9	1		R	240185	
11	9	2		R	240185	
11	9	J		R	240185	
11	9	4		R	240185	
11	9	5		R	240185	
11	9	7		R	240185	

B U D S J E T T O V E R S Y N
FKK MØRE OG ROMSDAL

Kap: 1452

P	UP	UUP	Namn	Ramme	Tilvist	Saldo	Dato
01				1 824 000.00	1 845 045.84	-21 045.84	170186
01	1		ORGANISERTE STILLING	1 170 000.00	1 241 928.04	-71 928.04	170186
01	1	1	FASTE STILLIGSHEIMLA	1 165 000.00	1 241 928.04	-76 928.04	170186
01	1	5	FELTTILLEGG	3 000.00	0.00	3 000.00	170186
01	1	8	OVERTID	2 000.00	0.00	2 000.00	170186
01	2		EKSTRAHJELP	177 000.00	177 624.88	- 624.88	170186
01	2	2	EKSTRAHJELP		177 624.88		170186
01	2	5	FELTTILLEGG		0.00		170186
01	2	8	OVERTID		0.00		170186
01	5		REINHOLDSPERSONALE	16 000.00	13 997.12	2 002.88	170186
01	6		PERSONELL PÅ OVERGAN	121 000.00	133 059.70	-12 059.70	170186
01	8		TRYGDER, PENSJON	251 000.00	265 383.00	-14 383.00	170186
11			VARER OG TJENESTER	3 133 087.78	3 134 483.35	-1 395.57	170186
11	1		MASKINER, INVENTAR,	50 000.00	228 028.15	- 178 028.15	170186
11	1	1	MASKINER		117 122.10		170186
11	1	2	INVENTAR		110 906.05		170186
11	2		FORBRUKSMATERIELL	78 187.78	56 956.08	21 231.70	170186
11	2	1	KONTORREKVISITA	31 000.00	33 607.45	-2 607.45	170186
11	2	2	SIGNALER, SIGNALMATE	47 187.78	15 317.88	31 869.90	170186
11	2	9	DIVERSE		8 030.75		170186
11	3		REISEUTGIFTER M.M.	220 000.00	239 520.97	-19 520.97	170186
11	3	1	REISEUTGIFTER, DIETT		204 386.97		170186
11	3	3	STUDIEREISER, KONGRE		26 205.00		170186
11	3	8	VELFERDSUTGIFTER		6 271.00		170186
11	3	9	REPRESENTASJON, BESP		1 228.00		170186
11	4		KONTORTJENESTER	357 000.00	491 623.73	- 134 623.73	170186
11	4	1	KONTORSERVICE		49 409.60		170186
11	4	2	DATABEHANDLINGSTJENS	227 000.00	325 414.98	-98 414.98	170186
11	4	4	TRYKKINGSUTGIFTER		30 362.07		170186
11	4	6	PORTO		13 422.50		170186
11	4	7	TELEFON		64 581.98		170186
11	4	8	BØKER, TIDSSKRIFTER,		5 930.00		170186
11	4	9	DIVERSE		2 502.60		170186
11	5		KART, OPPMALING, REG	1 883 900.00	1 496 931.98	386 968.02	170186
11	5	1	SIGNALISERING, M.V.	1 040 000.00	619 600.48	420 399.52	170186
11	5	2	GRUNNLAGSMALINGER		0.00		170186
11	5	3	ORTOFOTO		168 534.20		170186
11	5	4	AVLEDEDE OG TEMATISK	117 000.00	100 000.00	17 000.00	170186
11	5	5	GAB	507 000.00	475 472.00	31 528.00	170186
11	5	6	REGISTRE		50 000.00		170186
11	5	7	TRYKKING, KOPIERING	55 000.00	83 325.30	-28 325.30	170186
11	5	9	DIVERSE		0.00		170186
11	7		VEDLIKEHOLD, DRIFT		6 182.20		170186

BUDSJETT OVERSYN
FKK MØRE OG ROMSDAL

Kap: 1452

P	UP	UUP	Namn	Ramme	Tilvist	Saldo	Dato
11	9		BYGNINGERS DRIFT, LO	544 000.00	615 240.24	-71 240.24	170186
11	9	1	MINDRE OMINNREDNINGE		38 836.00		170186
11	9	2	FORBRUKSMATERIELL, L		25 550.17		170186
11	9	3	ANDEL FELLESUTGIFTER		143 059.00		170186
11	9	4	LEIER		388 981.56		170186
11	9	5	DIVERSE		6 894.00		170186
11	9	7	RENHOLDSTJENESTER		11 919.51		170186

12.6 Kjøp av utstyr

- 1 stk OCE Plankopieringsramme
- 1 stk OCE Lyskopimaskin
- 2 stk Mobiltelefonar m/lader
- 2 stk Tandberg terminalar 2215

12.7 Kurs og informasjonsverksemd

Det er halde 7 kurs for 6 kommunar for opplæring i oppdatering av GAB on-line. Dagskurs i samarbeid med KDV om GAB-on-line - 20 deltakarar.

12.8 Økonomisk kartverk

Kartproduksjonen har gått ut på fullføring av utviding av kartleggingsarealet, ajourføring og produksjon av ortofotokart. Området Rindal og Surnadal, som vart fotografert i 1981 og 1982, er fullført.

Ørsta, Volda, Stranda og Sykkylven, som vart fotografert i 1983, er under ajourføring. Det er produsert 18 ortofotokartblad, sluttleveransen kjem tidlig i 1986.

Omløpsfotografering 1985 er utført i kommunane Haram, Sandøy, Midsund, Aukra, Fræna, Eide og Molde. I Molde, Fræna og Eide vart det signalisert passpunkt i samråd med NGO. I resten av ajourføringsområdet nyttar vi tidlegare passpunktmateriale. Ein del passpunkt som ikkje var synleg i flybileta blir målt inn terrestrisk.

12.9 Fastpunktgrunnlag

Saman med Norges Geografiske Oppmåling har fylkeskartkontoret arbeid i Ørsta-Voldaområdet med signalbygging og observasjonsarbeid. Dette er eit stort og omfattande arbeide som har teke det vesentlege av kontoret sin kapasitet på markarbeid i 85-sesongen. Signalbygging og observasjonsarbeidet er ferdig i Ørsta og deler av Volda. Der det står igjen signalbygging er materiala utplasserte med helikopter.

Fylkeskartkontoret har også kontrollert og fortetta delar av grunnlagsnettet i Sandøy kommune.

12.10 Temakart/Registre

Fylkeskartet er trykt i farger i M 1:250 000 i 3000 eksemplar. Silokontrollen, som vart utført i 1985, er lagt inn på EDB anlegget og plotta ut som tema på fylkeskartet.

Sand- og grusregisteret er ferdig for heile fylket og temakart er produsert i M 1:50 000.

Kommunekart for Aukra er under arbeid, dette skal bli digitalt, med basis i ØK.

12.11 GAB (Grunneigedom - Adresse - Bygning)

Med unntak av Kristiansund er GAB etablert i alle kommunar. Kristiansund kommune er ferdig massivregistrert, og det er foreteke oppretting av grunnboka hos sorenskrivaren.

I G-registeret er det teke med personnr. og det er gjennomført omnummerering av eigedomane. Fem kommunar har i løpet av året starta med oppdatering GAB on-line, og ein kommune er kobla on-line for lesing av GAB.

Kommunane er:

Stranda	oppdaterer	G, A og B
Hareid	oppdaterer	G, A og B
Alesund	oppdaterer	G
Vestnes	oppdaterer	B
Sykkylven	oppdaterer	G
Ulstein	leser	G, A og B

Oversikt over antall registrerte GAB-skjema ved Fkk i 1985:

	G	A	B	
G1	2695	818	Godkj. bygg	2996
G2	6704		Igangsatt bygg	2712
			Teke i bruk	2327
			Massiv reg	192
Sum	9399	818		8227

A-registeret for Kristiansund og Averøy har fått sine registre retta og kobla med folkeregisteret.

12.12 Delingslova

Det har vore ei rekkje spørsmål om tolking av delingslova. Fylkeskartkontoret er sakshandsamar for fylkesmannen i delingslovsaker. I 1985 er det handsama 20 gebyrregulativ og 3 ankesaker.